

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 29.03.2012 kl 14:00 – 19.10 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 015/12 - 032/12

Innkalling til møtet var sendt ut den: 23.03.2012

Desse møtte:

| | | |
|-------------------------------|-----------------------------------|---------------------------|
| Arbeiderpartiet: | Høgre: | Senterpartiet: |
| Ragnvald Tangedal | Karstein Totland, ordførar | Vigdis Jorunn Søvik |
| Arthur Reidar Sjørusen | Vebjørn Haugsdal, vara | Geir Egil Haugsvær (vara) |
| Elin Matre (vara) | Wenke Fredheim Ekren | |
| | John Torgeir Torsvik | |
| | Kjetil Fjellby | |
| | | |
| FORFALL: | FORFALL: | FORFALL: |
| Bjørn Egil Nordland | Frode Langhelle | Jon Terje Sætre |
| | Lene Hansen Kvamsdal | |
| | | |
| Kristeleg Folkeparti: | Framstegspartiet: | Venstre: |
| Marit Steinestø, varaordførar | Willy Borge | Egil Kvingedal |
| Lillian Andvik | Janne Judith K. Sandnes, vara | Tove K. Sleire Tistel |
| | | |
| FORFALL: | FORFALL: | FORFALL: |
| | Erlend Kvamsdal | |

Frå administrasjonen møtte:

| |
|--|
| Rådmann Svein Helge Hofslundsengen |
| Rådgjevar Alf Strand til sak 17, 18, og 32/12 |
| Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl til sak 27/12 og sak 28/12 |
| Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedl. møtte |
|--------|-----|---------------------------|
| | | |

| | |
|---------------------------|--|
| Møteleiar: | Ordførar Karstein Totland |
| Utlevert i møtet: | Møtebok frå Eldrerådsmøte den 26.03.2012 Helsetilsynet – Tilsynsmelding 2011 Innkome tilleggskriv til sak 31/12 Skriv og meldingar |
| Orientering: | |
| Sp.mål/interpell.: | |
| Synfaring: | |
| Diverse: | |

Ordfører Karstein Totland ynskte spesielt velkommen til Geir Egil Haugsvær som møtte i kommunestyret som vara for fyrste gong.

Innkallinga vart godkjent.

Ordfører gjorde framlegg om at sak 032/12, sak 27/12 og sak 28/12 vart flytta fram og handsama etter sak 17/12.

Dette vart samrøystes vedteke.

Ordfører orienterte om innkomne tillegsskriv som ville bli utdelt under sak skriv og meldingar.

Sakslista vart etter dette godkjent.

Ordfører Karstein Totland gjorde framlegg om John Torsvik og Lillian Andvik til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
|----------------|-------------------|---|----------------|
| 015/12 | 12/185 | Godkjenning av møteprotokoll | 5 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 016/12 | 12/123 | Takstutval for valbolken 2012 - 2016 | 6 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 017/12 | 12/173 | Val av medlem til Fagrådet for Ytre Sogn og Sunnfjord PPT | 9 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 018/12 | 12/82 | Kompetanseutviklingsplan for skulane 2012-15 | 11 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 019/12 | 11/7 | Revisjon av samarbeidsavtale for Nordhordland Digitalt | 15 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 020/12 | 12/152 | Samarbeidsavtale felles IKT Nordhordland | 18 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 021/12 | 08/241 | Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2012 - 2016 | 24 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 022/12 | 11/810 | Oppattnying av salsløyve for alkohol for 2012 - 2016 | 33 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 023/12 | 12/66 | Oppattnying av skjenkeløyve for perioden 2012 - 2016 | 40 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 024/12 | 11/665 | Endring av gebyrregulativ for teknisk sektor og landbruk for år 2012 for Masfjorden kommune | 48 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 025/12 | 12/81 | NGIB samarbeidet - godkjenning av Fedje som medlem | 51 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 026/12 | 12/150 | Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 | 54 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 027/12 | 12/151 | Kriseplan for Masfjorden kommune | 60 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 028/12 | 12/137 | Prosjekt helsehus i Nordhordland | 65 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 029/12 | 11/737 | Bustadprosjekt Einekavane på Matre | 71 |

| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
|----------------|-------------------|--|----------------|
| 030/12 | 11/826 | Matre vassverk - gjenoppstart av arbeidet med Matre vassverk | 82 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 031/12 | 12/184 | Skriv og meldingar | 86 |
| Sak nr. | Arkivsaknr | Sakstittel | Sidetal |
| 032/12 | 12/134 | Nordbygda barnehage - organisering barnehageåret 2012-13 | 89 |

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 015/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|-----------|---------------------|
| Arkiv: N- | Arkivsaknr.: 12/185 |
|-----------|---------------------|

SAK 015/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.03.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-015/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 21.02.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Janne Judith K. Sandnes, Frp, hadde merknad til møteprotokollen sak 13/12 Kommuneplan der eit framlegg frå Frp ikkje var kommentert. Framlegget som var sett fram lyder slik: Funksjonell strandsone vert endra (justert 8 meter) slik kartframlegget viser.

Ordførar Karstein Totland svara og sa ein skal sjå på merknaden frå Frp og ta det med i møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 016/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-022.3 | Arkivsaknr.: 12/123 |
|----------------|---------------------|

SAK 016/12 - TAKSTUTVAL FOR VALBOLKEN 2012 - 2016

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

| Medlemmer takstutval: | Varamedlemer: |
|-----------------------|----------------|
| Willy Borge, leiar | 1. Terje Sætre |
| Ivar Helge Matre | 2. Kjell Løvik |
| Helge G. Andvik | 3. Lars Andås |

Varamedlemmer følger i nummerert rekkefylgje.

Heimel

Lov om ligningsforvaltning (likningslova) § 2-2 og § 7.3

Utvalet skal ha ein leiar og to medlemmer som alle vert valt av kommunestyret.

Utskrift vert sendt:

Medlemmer og varamedlemmer

Fylkesmannen i Hordaland

Nordhordland Likningskontor, 5914 Isdalstø

KS-016/12 VEDTAK:

| Medlemmer takstutval: | Varamedlemer: |
|-----------------------|----------------|
| Willy Borge, leiar | 1. Terje Sætre |
| Ivar Helge Matre | 2. Kjell Løvik |
| Helge G. Andvik | 3. Lars Andås |

Varamedlemmer følger i nummerert rekkefylgje.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at dette går på taksering av eigedomsskatt og ikkje likningsforvaltning slik det står i heimelen.

Takstnemnda kjem fyrst på bana dersom det oppstår klage.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Utdrag frå Ot.prp. nr 1 (2002-2004)
17.5.4 Taktstutvala

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det har ikkje vore takstutval i Masfjorden sidan valbolken 1999 – 2003.

Skattedirektoratet gjorde for ein del år tilbake framlegg om å avvikla takstutvala sidan dei var lite brukt.

Det har no kome melding frå kommunekassen om at det er trong for å ha eit takstutval i Masfjorden.

Valnemnda får no i oppdrag å finna personar som så skal veljast av kommunestyret.

Oppgåva til takstutvalet vil i hovudsak vera saker som gjeld eigedomsskatt, klagesaker og liknande.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 017/12 | Alf Strand |

| | |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-022.3 | Arkivsaknr.: 12/173 |
|----------------|---------------------|

SAK 017/12 - VAL AV MEDLEM TIL FAGRÅDET FOR YTRE SOGN OG SUNNFJORD PPT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådgevar for oppvekst og kultur Alf Strand vert Masfjorden kommune sin representant i Fagrådet for PPT for Ytre Sogn og – Sunnfjord for perioden 2011-2015.

Finansiering

Krev ikkje ekstra finansiering

Heimel

Avtale om pedagogisk-psykologisk teneste mellom samarbeidskommunane

KS-017/12 VEDTAK:

Rådgevar for oppvekst og kultur Alf Strand vert Masfjorden kommune sin representant i Fagrådet for PPT for Ytre Sogn og – Sunnfjord for perioden 2011-2015.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/FAKTA

Avtalen om pedagogisk-psykologisk teneste mellom dei samarbeidande kommunane i PPT for Ytre Sogn og – Sunnfjord regulerer samansetjinga av det administrative fagrådet. Fagrådet fungerer som styre for PPT og har møte to gonger i året. Hovudoppgåvene til rådet er m.a. å vedta budsjett for tenesta, vurdera behovet for stillingar og tilråd evt. endringar av tenesta. Rådet er samansett av ein representant frå kvar av medlemskommunane i tillegg til ein frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kvar kommune vel sin medlem til rådet for kommunestyreperioden. Det er vanleg at den skulefagleg ansvarlege i kvar kommune er med i fagrådet. Masfjorden kommune må no velja representant for perioden 2011-15.

VURDERING

Det vil vera naturleg at den i administrasjonen som har ansvar for skule og barnehage, er kommunen sin representant i det administrative fagrådet.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 030/12 | Alf Strand |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 018/12 | Alf Strand |

| | |
|--------------|--------------------|
| Arkiv: N-210 | Arkivsaknr.: 12/82 |
|--------------|--------------------|

SAK 018/12 - KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN FOR SKULANE 2012-15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for perioden 2012-2015 slik han ligg føre.

Finansiering

I samsvar med budsjett 2012. Kommunestyret må løyva nødvendige midlar i samband med den årlege budsjetthandsaminga.

Heimel

Opplæringslova § 10-8

FS-030/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for perioden 2012-2015 slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådgevar Alf Strand orienterte.

Han sa blant anna at kommunestyret sa i sak 06/2010 at for å betra resultata i basisfaga skal ein skal prioritere vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.

For å kunne søkje staten om midlar til vidareutdanning må me ha ein plan som er godkjent av kommunestyret.

Røysting:

Formannskapet tilrår samrøystes kommunestyret å vedtak rådmannen sitt framlegg.

KS-018/12 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for perioden 2012-2015 slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka og orienterte.

Kommunen er pålagt å laga ein 4 årsplan og ein årleg oppfølgingsplan.

Kommunestyret har tidlegare sagt ein skal prioritera basisfaga norsk, matematikk og engelsk. For å kunne søkje staten om midlar til vidareutdanning må me ha ein plan som er godkjent av kommunestyret. Frå og med 2012 har staten auka sin innsats. Staten dekkar no 50 % av vikarutgiftene, kommunen 25 % og læraren 25 %.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål til Strand.

Tove Kristin S. Tistel oppmoda sterkt om å få meir fysisk aktivitet inn i planlegginga i skulen framover.

Vigdis Søvik gav honnør til prosjektet om kompetanseplanen.

Ho spurde etter ungdomsskulemeldinga og om ikkje kommunestyret skulle hatt den til handsaming.

Rådgjevar Alf Strand sa at høyringsfristen var gått ut før formannskapet hadde møte.

Kommunestyret skal få kopi av høyringsuttalen til neste møte.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|------------------------|---|
| 3 | I | 01.02.2012 | Utdanningsdirektoratet | Informasjon om søknadsprosedyrar og tildeling av midlar til vidareutdanning for lærarar i studieåret 2012 /13 |
| 5 | I | 29.02.2012 | Utdanningsdirektoratet | Statsbudsjettet 2012-fullmaktsbrev kap.226 post 21. Etterutdanning - prioriterte områder |
| 4 | I | 29.02.2012 | Utdanningsdirektoratet | Informasjon om tildeling av midlar til etterutdanning 2012 |

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen for perioden 2008-2011 vart vedteken i kommunestyremøte 22. april 2008. Planen har vore rullert kvart år etterpå i samband med søknad om statlege kompetansemidlar. Perioden planen vart laga for, er no ute, og det må difor vedtakast ein ny plan.

FAKTA

Vidareutdanning:

Dei siste åra har Masfjorden kommune fått i overkant av kr 300000 årleg i statlege midlar til å auka kompetansen for personalet i grunnskulen i høve til læreplanen Kunnskapsløftet.

Midlane har i stor grad gått til å dekkja vikarutgifter i samband med vidareutdanning. For andre halvår 2012 er det løyvd kr 106 mill på landsbasis til vidareutdanning for lærarar til kommunar og andre skuleeigarar. Av denne summen får Masfjorden kommune i utgangspunktet kr 62500. Det er nok til å gje ein lærar vidareutdanning hausten 2012. I og med at ikkje alle kommunar har nytta vidareutdanninga fullt ut så langt, trur ein at Masfjorden kommune kan få gitt 2-3 lærarar vidareutdanning skuleåret 2012-13 òg.

Fordelinga mellom stat, kommune og lærar er endra i den nye "Strategi for etter- og vidareutdanning" som er vedteken for perioden 2012-15. No skal staten dekkja 50% av vikarutgiftene, kommunen 25% og læraren 25%. Dessutan dekkar kommunen kostnader til reise, opphald, læremiddel og andre studieutgifter for dei som har fått plass på vidareutdanning. Det er eit krav at kommunen kvart år gjev ei tilbakemelding til staten på korleis midlane har vorte brukte.

I Masfjorden kommune sitt budsjett for 2012 er det sett av kr 300000 til vidareutdanning.

Etterutdanning:

Dei statlege midlane til etterutdanning har minka dei to siste åra. Grunnen er at staten ynskjer å bruka meir av pengane til vidareutdanning som gjev studiepoeng og dermed auka formell kompetanse. Men vidareutdanninga når berre nokre få lærarar, og det er viktig at alle lærarar får auka kompetansen sin på område som er viktige for skulen. Hausten 2012 vil Masfjorden kommune bruka ein eller to planleggingsdagar til felles kursing av lærarane på tvers av skulane. Nordhordland kursregion arrangerer også ein del fagkurs som lærarar kan søkja plass på, m.a på felles planleggingsdagar.

VURDERING

Masfjorden har vore fullt med på og hatt stor nytte av den ”Strategi for etter- og vidareutdanning” som galdt for perioden 2008-11. Ved utgangen av skuleåret 2011-12 vil fem lærar ha skaffa seg vidareutdanning i matematikk, naturfag, fransk og mat og helse.

§10-8 i Opplæringslova slær fast at ”Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling,”...

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Tilbakemeldingane etter den fyrste perioden med ”Strategi for etter- og vidareutdanning” er gode. Høgskulane har fått statlege midlar til å utvikla eit godt vidareutdanningstilbod. Etterutdanningstilbodet i regi av Nordhordland kursregion og høgskulane har også høg kvalitet.

St prp nr 1 (2006-07) seier at ”...det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetanseutviklingstiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda”.

Skulane har kome med sine ønskje om etterutdanning. Desse ønskja er fletta inn i planen. Kommunestyret sa i sak 6/2010 at ”for å betra resultata i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen.”

Kva fag/emne skuleeigar vil prioritera i komande 3-årsperiode går fram av sjølve planen.

KONKLUSJON

Dersom kommunen i framtida skal få tildelt statlege kompetansemidlar, må kommunestyret vedta ein ny kompetanseutviklingsplan med ein handlingsplan for kvart av åra planen gjeld for. Den vedlagde handlingsplanen byggjer på ønskje om vidare- og etterutdanning som den einskilde rektor har henta inn frå sine tilsette. Samstundes er det lagt vekt på kva fag rektorane meiner at skulane treng auka kompetanse i.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for perioden 2012-2015 slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 017/12 | Terje Kallekleiv |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 019/12 | Terje Kallekleiv |

| | |
|--------------|-------------------|
| Arkiv: N-016 | Arkivsaknr.: 11/7 |
|--------------|-------------------|

SAK 019/12 - REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALE FOR NORDHORDLAND DIGITALT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner den endra organisasjonsmodellen for det interkommunale samarbeidsorganet "Nordhordland Digitalt" i tråd med tilrådinga i Regionrådet Nordhordland IKS i møte 03.12.2010, sak 34/10, jf. rådmannsgruppa sitt vedtak i møte 20.10.2010.

Finansiering

Heimel

Lov om kommunar og fylkeskommunar § 27

FS-017/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner den endra organisasjonsmodellen for det interkommunale samarbeidsorganet "Nordhordland Digitalt" i tråd med tilrådinga i Regionrådet Nordhordland IKS i møte 03.12.2010, sak 34/10, jf. rådmannsgruppa sitt vedtak i møte 20.10.2010.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv orienterte. Avtalen Nordhordland digitalt vart delt ut i møtet.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-019/12 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner den endra organisasjonsmodellen for det interkommunale samarbeidsorganet "Nordhordland Digitalt" i tråd med tilrådinga i Regionrådet Nordhordland IKS i møte 03.12.2010, sak 34/10, jf. rådmannsgruppa sitt vedtak i møte 20.10.2010.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Tidlegare har dette vore finansiert med fylkeskommunale midlar medan det no blir ein liten kommunal del.

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|------------------------------|---|
| 2 | U | 26.01.2011 | Regionrådet Nordhordland IKS | Melding om politisk vedtak - Endra organisasjonsmodell for det interkommunale samarbeidsorganet Nordhordland Digitalt |
| 3 | I | 07.03.2012 | Nordhordland Digitalt | Nordhordland Digitalt - revidering av avtale om interkommunalt samarbeid |

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

”Nordhordland Digitalt” vart etablert i 2006 som ein interkommunal samarbeidsorganisasjon for geodata-, plan- og byggjesaksforvaltninga i regionen. Til grunn for samarbeidet ligg m.a. kommunedelplanen: ”Geodataplan for Nordhordland og Gulen 2006 – 2009”, som kommunestyra i regionen handsama. Masfjorden kommune godkjente planen 22.06.2006.

Samarbeidet vart evaluert av Nordhordland Digitalt i 2010, og det er laga eit sluttdokument der styret rår til at samarbeidet held fram, men med ei justering av organisasjonen. Denne tilrådinga vart sendt til Regionrådet Nordhordland IKS. Rådmannsgruppa handsama saka i møte 20.10.2010, og styret i Regionrådet Nordhordland IKS gjorde vedtak i tråd med rådmannsgruppa si tilråding i møte 03.12.2010.

HØYRING

Ingen

UTTALE

Ingen

FAKTA

Hovudendringa i forslaget til revidert avtale er at kommunane arbeidar vidare i eigen regi i staden for å kjøpe ekstern konsulenthjelp, i eit internt "spleiselag". Vidare at det blir oppretta eit fagstyre - der etatsleiarane sit - som koordinerer den felles aktiviteten innan plan-, byggesak- og geodata i regionen. Dette fagstyret er rådmennene sitt fagorgan. Det faglege samarbeidet innan plan, byggesak og geodata held fram som før.

Formålet med endringa no er m.a. å få samarbeidet til å halde fram i ein fast struktur med tydelege prioriteringar, og slik at drifta av systema er sikra utan større økonomiske konsekvensar. Ein underskriven avtale vil formalisere den godkjente organisasjonsmodellen. Systema skal haldast ved like og oppdaterast, og ingen av partane ser at ein åleine har ressursar til å stå for den vidare drifta.

Styret i Nordhordland Digitalt har utarbeidd eit framlegg til revisjon av samarbeidsavtalen, i samsvar med kommunelova si § 27 – om "Interkommunalt samarbeid".

Ein underskriven avtale vil regulere formålet med samarbeidet, samansetting av styre og styret sine oppgåver, samansetting av faglege tverrkommunale arbeidsgrupper og deira oppgåver, ressursinnsats og budsjett-/rekneskaps- og rapporteringsrutinar. Kommunestyret i dei einskilde kommunane er øvste mynde for samarbeidet.

VURDERING

Nordhordland Digitalt har utvikla metodar og system innan kart- og geodata som har hatt positive konsekvensar – både økonomiske og faglege - på plan og byggesaksfeltet i samarbeidskommunane. Kvar for seg manglar kommunane fagkompetanse – men saman kan me hente faglege råd hjå kvarandre og diskutera ulike erfaringsgrunnlag – noko som også skapar eit fagleg engasjement. Gjennom Nordhordland Digitalt er det oppnådd resultat som den enkelte kommune ikkje hadde vore i nærleiken av på eigen hand, verken i høve til økonomiske ressursar eller personellressursar/ kompetanse. Samarbeidet mellom kommunane vert opplevd som særst positivt og nyttig.

Kart- og geodata inngår i 70 % av all offentleg sakshandsaming, og Nordhordlandsregionen er på fleire område leiande i landet. Bak dette ligg mykje arbeid i systemutvikling; arbeid som administrasjonane i den enkelte kommune er avhengig av for å utføre dei tenestene og yte den servicen innbyggjarane har krav på. Nordhordlandskartet er for folk flest det mest synlege som er sprunge ut av samarbeidet, i tillegg til at vi no har fått eit digitalt planarkiv som er tilgjengeleg for alle. Den største nyvinninga no er kontinuerleg oppdatering av kartdata.

KONKLUSJON

Rådmannen har ansvar for å syte for ei effektiv organisering og strukturering av arbeidet innafør gjevne økonomiske rammer. Sidan kommunestyret tidlegare har godkjent organiseringa av samarbeidet gjennom godkjenninga av kommunedelplanen for Geodatafeltet, finn Rådmannen det naturleg å leggje forslaget til endring fram for kommunestyret. Administrasjonen rår til at organiseringa av det interkommunale samarbeidet vert justert i tråd med regionrådet sitt vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 032/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 020/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| | |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-031.1 | Arkivsaknr.: 12/152 |
|----------------|---------------------|

SAK 020/12 - SAMARBEIDSAVTALE FELLES IKT NH

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner og sluttar seg til samarbeidsavtale Interkommunale IKT-tenester Nordhordland (IKTNH) for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal

Finansiering

Innarbeidd i driftsbudsjettet

Heimel

Kommunelova §§ 28b og 28e

Kommunestyrevedtak KS-008/10 VEDTAK AV 25.02.2010

FS-032/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune godkjenner og sluttar seg til samarbeidsavtale Interkommunale IKT-tenester Nordhordland (IKTNH) for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Osterøy er vertskommune i samarbeidet.

Denne avtalen kjem oppatt som sak i kommunestyret grunna Kommunelova § 28b.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-020/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner og sluttar seg til samarbeidsavtale Interkommunale IKT-tenester Nordhordland (IKTNH) for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte. Sidan dette er val av selskapsform med ein vertskommune, Osterøy, må det godkjennast av kommunestyret. Selskapet vart starta 01.09.2011 og avtalen gjeld frå denne dato.

Tove Kristin S. Tistel, V, spurde om det blir satsa på lokal IT kunnskap i kommunen.

Rådmannen svara at det i utgangspunktet ikkje er tenkt det. Men løysingsprosenten på helpdesken er ganske stor, slik at dette vil nok bli ei god løysing over tid.

Røysting:

Kommunestyre vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

- **Samarbeidsavtale Interkommunale IKT-tenester Nordhordland (IKTNH) for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal**

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Over tid har det vore arbeid med å leggje forholda til rette for å skape grunnlag for felles IKT drift i regionen. Det nære samarbeidet innan IKT starta med breibandsnett, styrt av rådmannsgruppa og det praktiske utført av IKT personale. Ein har hatt gode erfaringar med IKT samarbeidet. Forholda ligg no til rette for eit tettare og meir formalisert samarbeid og utvikling i samsvar med IKT strategi av 2004. Fagområdet IKT vert meir og meir spesialisert, og kvar kommune kan ikkje ha IKT personell åleine som stettar heile fagområdet. Det viktigaste framover og den kritiske faktoren innan IKT, er å sikre best muleg oppetid, og felles IKT drift er ein viktig faktor i den samanheng. Kommunane i regionen slutta seg til eit nærare samarbeid vinteren/våren 2010 gjennom Kommunestyrevedtak, vidare knytt opp til etableringsavtale februar 2011 og oppstart av felles IKT nh pr. 1.9.2011 med Osterøy som vertskommune. Val av vertskommuneprinsippet som samarbeidsmodell medfører at samarbeidsavtalen formelt sett må opp att til Kommunestyrehandsaming for endeleg handsaming jf. Kommunelova § 28e, til tross for at Kommunestyre tidlegare har delegert dette til rådmannen.

FAKTA

Alle deltakande kommunar slutta seg vinteren/våren 2010 til felles ikt i regionen - med eigne KS vedtak,

KS-008/10 VEDTAK AV 25.02.2010:

1. **Masfjorden kommune sluttar seg til at det vert etablert felles IKT drift i regionen (saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal)**
2. **Kommunestyret delegerer det formelle og praktiske kring etableringa til rådmannen.**
3. **Rådmannsgruppa i SING (SING = samarbeidskommunane i Nordhordland og Gulen nettet) samarbeidet vil så etablere felles IKT drift i tråd med intensjonen i gjeldane IKT strategi for regionen.**
4. **Intensjonen er oppstart av felles IKT drift frå 1.1.2011**

Etableringsavtale mellom kommunane i Nordhordland - Lindås 04.02.11

Intensjonen med denne avtalen er å sikre etablering og utvikling av Felles IKT Drift for kommunane i Nordhordland.

1. Den enskilde kommune i Regionsamarbeidet Nordhordland forpliktar seg til å delta i etableringa av Felles IKT Drift i tråd med vedtak i rådmannsgruppa 14. desember 2010.
2. Osterøy kommune vert vertskommune.
3. Etableringskostnader som Osterøy kommune har skal fordelast mellom kommunane etter den modell som vert vedteke. Det skal arbeidast med å finne eksterne finansieringskjelder.

4. Rådmennene avgjer kva for IT-personell ein ønskjer å behalde til andre oppgåver enn Felles IKT Drift og som såleis ikkje skal overførast til Osterøy kommune. Alle andre skal få tilbod om stilling i Osterøy kommune – Felles IKT Drift. For dei som ikkje tek imot stilling i Osterøy kommune har tilsetjingskommunen framleis arbeidsgjevaransvaret.
5. Personar som overførast til Osterøy kommune skal arbeide med lokal drift av IKT i avgjevarkommunen inntil arbeidsoppgåvene er overført Felles IKT drift. Osterøy kommune fakturerar avgjevarkommunen for løn og tilhøyrande utgifter tilsvarande den andel vedkomande arbeider med lokal drift av IKT.
6. Tilsette som er overført til Osterøy kommune har høve til retur til avgjevarkommune inntil maks eitt år etter tilsetjing.
7. Denne avtalen er bindande ut 2012.
8. Samarbeidsavtalen skal vere ferdig innan 1. oktober 2011.

Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet. Osterøy kommune er vertskommune, og heimla i kommunelova § 28 b.

Kommunelova 28 b Administrativt vertskommunesamarbeid

1. En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.
2. Bestemmelsen i nr 1 gjelder tilsvarende for vertskommunesamarbeidet mellom fylkeskommuner.
3. Delegasjon av myndighet som nevnt i nr 1 skjer ved at kommunestyret eller fylkestinget selv gir instruks til egne administrasjonssjef om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.
4. Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet der delegasjon er skjedd i samsvar med nr 3.
5. En samarbeidskommune kan gi vertskommunen instruks om utøvelsen av den delegerte myndighet i saker som alene gjelder samarbeidskommunen eller berørte innbyggere.
6. For vedtak vertskommunen treffer etter delegasjon fra en samarbeidskommune, har samarbeidskommunen samme omgjøringsmyndighet som etter forvaltningsloven § 25 første ledd.

Osterøy kommune har med dette ansvar for drifta, inkludert arbeidsgjevaransvar. IKTNH er ikkje eige rettssubjekt. Samarbeidsavtalen er det formelle grunnlaget for samarbeidet og delegeringa av ansvar til vertskommunen. Avtalen og endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra i samarbeidskommunane, jf. kommunelova § 28e.

Kommunelova 28 e Samarbeidsavtalen


1. For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr 2 og 3, skal skje på samme måte.
2. Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:
 - a. angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,
 - b. hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,
 - c. tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,
 - d. underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,
 - e. det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,
 - f. nærmere regler for utreden og avvikling av samarbeidet,
 - g. annet som etter lov krever avtale.
3. I avtale om vertskommunesamarbeid med felles nemnd skal avtalen også inneholde bestemmelser om antall representanter i nemnda fra den enkelte deltaker.
4. I et vertskommunesamarbeid mellom kommuner skal vertskommunen orientere fylkemannen om etableringen av samarbeidet. I et vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommuner skal vertskommunen orientere departementet om etablering av samarbeidet.

Verksemda er ikkje av forretningsmessig karakter og vertskommunen har einerett til å levere driftstenester innan IKT til deltakande kommunar. Felles investeringar og utviklingsoppgåver skal konkurranseutsetjast i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.

Kommunane er ansvarleg for handsaming av data. IKTNH er datahandsamar. Kommunane skal utøve strategisk styring av IKT og bestille tenester av IKTNH. Styringsmodell skal utarbeidast og vedtakast av rådmannsgruppa i samarbeidande kommunar. Styringsmodellen skal ha ei styringsgruppe, jf. pkt. 5.

Eksisterande dataservarar, inkl. telefonisentralar, skal vera kommunen sin eigedom, men driftast og vedlikehaldas av IKTNH når dette vurderast som innanfor oppgåva til IKTNH. Etter kvart som serverane vert skifta ut skal dei eigast av IKTNH og plasserast i felles datarom.

Styringsgruppe for Interkommunalt IKT-samarbeid Nordhordland er rådmennene i samarbeidande kommunar. Styringsgruppa skal velje leiar og nestleiar blant rådmennene i gruppa. Rådmann i vertskommunen kan ikkje veljast. Styringsgruppa vedtek bemanningsplanen og budsjetttrammene for IKTNH. Styringsgruppa skal ha særleg merksemd på måla for samarbeidet om IKT. Styringsgruppa skal gjennomføre møter så ofte som det er behov for, men minst 2 gonger pr. år. Medlemmene kan krevje at styringsgruppa vert kalla saman. Styringsgruppa er vedtaksdyktig når minst 6 representantar er til stade eller representert ved fullmakt. Val og vedtak i styringsgruppa skjer ved fleirtal. Det skal førast protokoll som skal vere underteikna av medlemmene. Divergerande syn kan krevjast protokollført. Alle kommunane i regionen har delteke på KS sitt opplegg, IKT og ledelse for rådmenn, med i alt 4 samlingar, og mellom anna komme fram til følgjande styringsmodell som vert lagt til grunn framover;



Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skal skje med grunnlag i faktiske utgifter og etter ein modell med 1/3 av kostnadar flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal pr. 1. juli i året før det aktuelle budsjettåret. Totalbudsjettet for IKTNH 2012 utgjer omlag 17 mill.kr.

| | Folketallet 1. januar | Fast beløp 33 % | På bakgrunn av folketal 67 % | Totalt 100 % |
|-----------------|--------------------------|--------------------|------------------------------------|-------------------|
| 1251 Vaksdal | 4 153 | 619 442 | 1 086 323 | 1 705 766 |
| 1252 Modalen | 370 | 619 442 | 96 783 | 716 225 |
| 1253 Osterøy | 7 465 | 619 442 | 1 952 662 | 2 572 104 |
| 1256 Meland | 6 824 | 619 442 | 1 784 992 | 2 404 434 |
| 1260 Radøy | 4 896 | 619 442 | 1 280 674 | 1 900 116 |
| 1263 Lindås | 14 516 | 619 442 | 3 797 031 | 4 416 474 |
| 1264 Austrheim | 2 789 | 619 442 | 729 534 | 1 348 977 |
| 1265 Fedje | 587 | 619 442 | 153 545 | 772 987 |
| 1266 Masfjorden | 1 672 | 619 442 | 437 354 | 1 056 797 |
| | 43 272 | 5 574 980 | 11 318 899 | 16 893 879 |

VURDERING

Interkommunalt IKT-samarbeid Nordhordland vart skipa og hadde oppstart pr. 01.09.2011, og same dato starta dagleg leiar av eininga. Alt det formelle var ikkje på plass til oppstart, m.a. samarbeidsavtalen som no vert lagt fram til handsaming - men bygger på Kommunestyrevedtak i den einskilde kommune, samt etableringsavtale.

For å ivareta ein tilfredsstillande samordning mellom kommunane skal rådmannsgruppa vere styrande i dei store linene av tenestene. Rådmannsgruppa vil blant anna ha ansvar for

- IKT - strategi
- IKT - planar
- Budsjett og (rekneskap)
- Samarbeidsavtalen (val av samarbeid etter KL § 28b - Kommunestyret)
- Service-/tenesteytingsavtale
- Saker av prinsipiell karakter

Gjeldane strategiplan er frå 2004, og arbeidet med rullering av denne er i gang.

Visjon:

At samarbeidskommunane sine datanett blir sett på som eitt felles datanett med felles fagprogramvare, og eitt IKT-miljø, - fagleg og driftsmessig.

Mogeleggjera felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk.

Formål og planlagt utvikling:

Samordne bruk av IKT i samarbeidskommunane slik at IKT blir eit betre verktøy for å nå den einskilde kommune sine mål.

Auka fagkompetansen både innan IKT, og bruken av dei ulike fagprogramma.

KONKLUSJON

Det er skipa Interkommunalt IKT-samarbeid Nordhordland med Osterøy kommune som vertskommune med verknad frå 1.9.2011 i tråd med tidlegare Kommunestyrevedtak og etableringsavtale. Ut i frå Kommunelova § 28e vert endeleg godkjenning av samarbeidet lagt fram for Kommunestyret.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 019/12 | Frode Vee-Haugen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 021/12 | Frode Vee-Haugen |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-600 | Arkivsaknr.: 08/241 |
|--------------|---------------------|

SAK 021/12 - REVISJON AV ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR PERIODEN 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2012 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre vedlagt med desse endringane:

2. TILTAK OG KONTROLL

Nytt pkt 2.4 (eksisterande pkt. vert flytta tilsvarande fram):

Gebyr vert sett til kr. 500,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar. Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kultur dagar, kraftspel etc.

Nytt pkt. 2.7:

Det vert stilt krav om kunnskapsprøve i alkohollova for skjenkestyrar/løyvehavar for store einskildarrangement som f. eks. Kraftspela og festivalar.

Nytt pkt. 2.8:

Kontrollrapportane frå skjenkekontrollen skal sendast direkte til løyvehavar med kopi til kommunen. Det skal opplystast om høve til å uttala seg innan to veker, jf. forskriftene § 9-6.

Nytt pkt. 2.9:

Kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen er styringsorgan for kontrollordninga. Møte i kontaktutvalet bør haldast minst 2 gonger årleg. Rådmannen evaluerer ordninga fortløpande med rådmannsutvalet for Nordhordland og Gulen.

3. SKJENKELØYVE

Nytt pkt. 3.6:

Frist for å søka om skjenkeløyve for einskildarrangement, vert sett til 4 veker før arrangementet.

Nytt pkt. 3.7:

Dersom kommunen står som arrangør eller medarrangør for eit tiltak det vert søkt om skjenkeløyve for kan ikkje arrangør søke om skjenkeløyve eller stå som skjenkeansvarleg. Da må den oversendast til ein settekommune, i dette tilfellet Lindås kommune.

6. INNDRAGING AV LØYVE

Nytt pkt. 6.4

Ved einskildarrangement og ambulerande løyve bør ein ikkje få innvilga løyve for nytt arrangement eller ambulerande løyve sjølv om brotet er mindre alvorleg.

Finansiering

Ingen

Heimel

Alkoholova § 1-7d. og alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 2.1.

Utskrift vert sendt:

| | | |
|--------------------------|------|-----------|
| Lensmannen i Masfjorden | 5966 | EIVINDVIK |
| Masfjorden kommune - NAV | 5986 | HOSTELAND |
| Sosialtenesta | | |
| Masfjorden kommune - NAV | 5986 | HOSTELAND |
| Sosialtenesta | | |

KS-021/12 VEDTAK:

Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2012 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre vedlagt med desse endringane:

2. TILTAK OG KONTROLL

Nytt pkt 2.4 (eksisterande pkt. vert flytta tilsvarende fram):

Gebyr vert sett til kr. 500,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar.

Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kulturdagar, kraftspel etc.

Nytt pkt. 2.7:

Det vert stilt krav om kunnskapsprøve i alkoholova for skjenkestyrar/løyvehavar for store einskildarrangement som f. eks. Kraftspela og festivalar.

Nytt pkt. 2.8:

Kontrollrapportane frå skjenkekontrollen skal sendast direkte til løyvehavar med kopi til kommunen. Det skal opplysast om høve til å uttala seg innan to veker, jf. forskriftene § 9-6.

Nytt pkt. 2.9:

Kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen er styringsorgan for kontrollordninga.

Møte i kontaktutvalet bør haldast minst 2 gonger årleg. Rådmannen evaluerer ordninga fortløpande med rådmannsutvalet for Nordhordland og Gulen.

3. SKJENKELØYVE

Nytt pkt. 3.6:

Frist for å søka om skjenkeløyve for einskildarrangement, vert sett til 4 veker før arrangementet.

Nytt pkt. 3.7:

Dersom kommunen står som arrangør eller medarrangør for eit tiltak det vert søkt om skjenkeløyve for kan ikkje arrangør søke om skjenkeløyve eller stå som skjenkeansvarleg. Da må den oversendast til ein settekommune, i dette tilfellet Lindås kommune.

Nytt pkt 2.7

Den som har fått skjenkeløyve skal sjå til at arealet rundt skjenkestaden er ordentleg etter kvart arrangement. Dette vil gje ei betre omdømme.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Saka vart drøfta og då spesielt ordlyden i pkt 6.4

Marit Steinestø, KrF, sette fram slikt tilleggsframlegg:

Masfjorden KrF vil be administrasjonen koma opp med ei sak som viser kva tiltak kommunen vil iverksetja for å nå målsetjinga i alkoholpolitisk handlingsplan. Det vil seia å redusera skader som alkoholforbruk kan innebera og å redusera alkoholbruken i tråd med nasjonal målsetting.

KrF ønskjer at administrasjonen synleggjer det førebyggjande arbeidet som vert gjort og viser korleis avgifter som vert betalt til kommunen for alkoholomsetning blir brukt i det handlingsskapande arbeidet. Ein ber og om at det vert vurdert om Masfjorden kommune kan bli ein "Av og til" kommune.

Me ønskjer og å få ei vurdering om kommunale arrangement skal vera alkoholfrie eller ikkje.

Janne Judith K. Sandnes, Frp, stilte spørsmål til pkt 2.7 om kva arrangement dette gjeld. Ho stilte og spørsmål om kven som skulle avgjera kva som er mindre alvorleg.

I drøftinga kom det fram at mange var skeptiske til pkt 6.4 som er eit nytt punkt i høve planen som ligg føre.

John Torsvik, H, gjorde framlegg om å stryke heile pkt 6.4 som var eit nytt punkt. og at ordet "særs" vart stroke i pkt 6.3 i alkoholpolitisk handlingsplan. I pkt 6.3 står det: "Ved særs grovt brot på alkohollova fyrste gong" osv.

Tove Kristin S. Tistel, V, gjorde framlegg om eit nytt punkt 2.7 i planen.

Den som har fått skjenkeløyve skal tilsjå at arealet rundt skjenkestad er ordentleg etter kvart arrangement. Dette vil gje ei betre omdømme.

Etter drøfting av saka endra KrF sitt framlegg frå sak til orientering, og tilleggsframlegget vart såleis ikkje røysta over.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Venstre sitt framlegg til tilleggspunkt.
Venstre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over Høgre sitt framlegg om at pkt 6.4 går ut.
Høgre sitt framlegg vart vedteke med 15 mot 2 røyster: (KrF)

Det vart så røysta over Høgre sitt framlegg om at ordet "særs" går ut i pkt 6.3.
Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Alkoholpolitisk handlingsplan vart tilslutt samrøystes vedteke.

FS-019/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2012 – 2016 vert vedteken slik den ligg føre vedlagt med desse endringane:

2. TILTAK OG KONTROLL

Nytt pkt 2.4 (eksisterande pkt. vert flytta tilsvarande fram):

Gebyr vert sett til kr. 500,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar. Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kultur dagar, kraftspel etc.

Nytt pkt. 2.7:

Det vert stilt krav om kunnskapsprøve i alkohollova for skjenkestyrrar/løyvehavar for store einskildarrangement som f. eks. Kraftspela og festivalar.

Nytt pkt. 2.8:

Kontrollrapportane frå skjenkekontrollen skal sendast direkte til løyvehavar med kopi til kommunen. Det skal opplysast om høve til å uttala seg innan to veker, jf. forskriftene § 9-6.

Nytt pkt. 2.9:

Kontaktutvalet for sals- og skjenkekontrollen er styringsorgan for kontrollordninga. Møte i kontaktutvalet bør haldast minst 2 gonger årleg. Rådmannen evaluerer ordninga fortløpande med rådmannsutvalet for Nordhordland og Gulen.

3. SKJENKELØYVE

Nytt pkt. 3.6:

Frist for å søka om skjenkeløyve for einskildarrangement, vert sett til 4 veker før arrangementet.

Nytt pkt. 3.7:

Dersom kommunen står som arrangør eller medarrangør for eit tiltak det vert søkt om skjenkeløyve for kan ikkje arrangør søke om skjenkeløyve eller stå som skjenkeansvarleg. Da må den oversendast til ein settekommune, i dette tilfellet Lindås kommune.

6. INNDRAGING AV LØYVE

Nytt pkt. 6.4

Ved einskildarrangement og ambulerande løyve bør ein ikkje få innvilga løyve for nytt arrangement eller ambulerande løyve sjølv om brotet er mindre alvorleg.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet tilrår samrøystes kommunestyret å vedtak rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|------------------------------|--|
| 2 | U | 08.05.2008 | Plandokument | Vedteken plan - Alkoholpolitisk handlingsplan for 2008 - 2012 |
| 3 | I | 06.04.2009 | Stiftelsen Bergensklinikkene | Invitasjon til arbeid med lokal ruspolitisk handlingsplan i kommunane |
| 4 | I | 24.01.2012 | Helsedirektoratet | Kommunestyrets behandling av søknader om fornying av slags og skjenkebevillinger |

SAKSTILFANG:

Alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune for perioden 2008 – 2012 (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Alkoholpolitisk handlingsplan skal reviderast minimum ein gong i kommunestyrebolken, jf. Pkt 2.1 - TILTAK

FAKTA

Alkoholpolitisk handlingsplan er eit viktig styringsdokument for alkoholpolitikken til kommunen og lovpålagt i alkohollova § 1-7d.

Alkohollova brukar ikkje omgrepa øl, vin og brennevin men:

Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Framlegget til ny handlingsplan er oppdatert i høve til denne definisjonen.

Ambulerande løyver og andre lukka einskildarrangement er innarbeida i alkoholpolitisk handlingsplan slik at eksisterande skjenkestader kan få innarbeida slike arrangement som ein del av løyvet.

Einskildløyver for arrangement

For løyve som gjeld skjenking ved eit einskild høve og ambulerande løyve, kan departementet setta ein særskild gebyrsats. Det er kommunestyret som fastset gebyret.

Departementet har i forskrift av 8.06. 2005 fastsett at minstegebyret for sal skal vera 1.200,- og for skjenking kr. 3.500,-.

Desse gebyra vert nytta dersom satsane basert på etter innlevert omsetningsoppgåver frå den einskilde sals- og skjenkestad vert liggande under minstegebyret.

Kontaktutval for sals- og skjenkekontrollen

Noverande kontrollordning blei oppretta av Regionrådet for Nordhordland og Gulen 4.09.1997. Kommunane vart oppmoda om å velja eit interimsstyre med to hovudoppgåver:

1. Arbeide fram eit utkast til administrative oppgåver, gjeremål og mynde for styret.
2. Eventuelt vere styre for ordning i perioden fram til hausten 1999(ut noverande kommunevalperiode)

5. februar 1998 vart fyrste møte i kontaktutvalet halde der det heiter at:
Kontaktperson / koordinator for alkoholkontrollar m.m. bør liggja til Lindås kommune.
Kontaktutvalet vert etablert minst muleg byråkratisk og bør koma saman eit par gonger for året (etter behov)

Føremålet med kontaktutvalet var å få etablert eit fagleg forum for handsaming av løyvesaker og saker retta mot kontrollar m.v Utvalet vart såleis eit samråd mellom sakshandsamarane i kommunane . Sekretariatet har heile tida lege i Lindås kommune. Kontaktutvalet hadde ikkje møte frå 31.10.2003 fram til 21.01.2010. Noko som kom i stand etter puring frå Masfjorden kommune.

Siste møte var den 21.01.2011. På dette møte var det var semje om møte minst 2 gonger i året i kontaktgruppa og elles etter behov.

Kontrollrapportar

Praksis til no har vore at kontrollrapportane går fyrst til kommunen. Dette tek tid. Alkoholova krev at rapport skal sendast til sals- eller skjenkestad innan ei veke, med adgang til å uttale seg innan to veker. Eventuell uttale frå løyvehavar skal så sendast saman med rapporten til kommunen, forskriftene til alkoholova § 9-6, jf. alkoholova § 1-9.

Me ser positivt på ein endra praksis der kontrollørane sender kontrollrapporten direkte til løyvehavar med kopi til kommunen.

Gebyr for skjenkeløyve ved enkelthøve- storleik på gebyr

Masfjorden kommune har få permanente skjenkestader. Kommunen får stadig fleire søknader om einskildløyve.

Forskriftene gjev løyvestyresmaktene høve til å ta eit minstegebyr på kr. 250 ved ambulerande løyver, jf. forskriftene til alkoholova § 6-1. Når det gjeld løyve for ein bestemt anledning(einskildløyve), jf. alkoholova § 1-6, 2. ledd. skal det betalast eit minste gebyr på kr. 3.500, jf. forskriftene § 6-2, 2. ledd. Forskriftene opnar for at løyvestyresmaktene i særlege tilfeller kan setta gebyret lågare enn ordinært minstegebyr. Det vert lagt til grunn at løyvestyresmaktene er nærmast til å gjera vurderinga av i kva for tilfeller det vil gje eit svært urimeleg resultat å bruka minstegebyret, jf. forskriftene § 6-2, 7. ledd.

Masfjorden kommune har fram til 2010 ikkje vore merksam på denne regelen slik at det berre har vore kravd inn gebyr for ambulerande løyver.

Frist for søknader om skjenkeløyve ved enkelthøve.

Me har til no ikkje operert med frist for innsending av søknad om skjenkeløyve ved einskildhøve. Nokre søknader kjem i siste liten eller svært seint, slik at det vert knapp tid for dei som skal gje uttale, og kort varsel til skjenkekontrollen.

Krav til løyvehavar.

Det er ikkje noko krav om kunnskapsprøve ved skjenkeløyve for einskildhøve. Det er likevel slik at ein festival eller eit større arrangement stiller vel så store krav til løyvehavar som eit permanent løyve. Sjølv om festival eller arrangement skal skje berre over ein dag, så kan konsekvensane bli store dersom ikkje arrangør og eller løyvehavar har tilstrekkeleg innsikt i alkoholova og praktiseringa av den.

Kommunen har i fleire høve stått som arrangør av Kraftspela. Dette kan vera problematisk reint habilitetsmessig da kommunen sjølv må ta stilling til sin eigen søknad. Særleg der arrangøren sender søknad om skjenkeløyve til eit kommunalt arrangement.

VURDERING

Det er praktisk at også lukka arrangement vert omfatta av alkoholpolitisk handlingsplan og at desse arrangementa vert handsama som ein del at det ordinære skjenkeløyvet for skjenkestadane.

I handlingsplanen er det sett skilje mellom opningstider og løyve for lukka einskildarrangement og det ordinære løyve elles. Det ville også vera unaturleg om skjenkestader på lik linje med overnattingstader ikkje skulle få løyve for alkoholgruppe 3 når det gjeld f. eks. bryllaup, jubileum, julebord etc.

Når det gjeld einskildarrangement kan eit minstegebyr på kr. 3.500 gjera nokre av dei små einskildarrangementa til reine tapsprosjekt. Masfjorden kommune har frå og med 2011 kravd eit gebyr på kr. 500,- for mindre arrangement og kr. 1.000,- for større arrangement som omfattar heile kommunen, for eksempel Kraftspela og kultur dagar. Det er rimeleg at desse gebyra vert sett høgare enn for ambulerande løyver, da dei krev meir sakshandsaming samt har større inntening fordi det er opne arrangement.

Masfjorden kommune bør vurderer å stilla krav om kunnskapsprøve også for alle einskildhøve. Dersom kommunen skal stå som arrangør bør ein senda søknaden til Lindås kommune som settekommune slik at ein unngår inhabilitet ved sakshandsaminga. Dette spørsmålet skulle opp i nytt møte i kontaktutvalet, men som dessverre ikkje har kome i stand.

Kontaktutval for sals- og skjenkekontrollen bør halda regelmessige møter mint to gonger i året for å evaluere og samordne kontrollordninga, samt rapportere tilbake til kontrollutvalet for sals og skjenkestader v/formannskapet.

KONKLUSJON

Alkoholpolitisk handlingsplan vert revidert i samsvar med gjeldande alkohollov sin definisjon av alkoholhaldig drikk. I tillegg bør også alkoholpolitisk handlingsplan også omfatte lukka einskildarrangement slik det er gjort framlegg om.

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE

PERIODEN 2008 – 2012

(Vedteken i kommunestyret den 22.04.2008)

1. MÅLSETJING

Planen har som målsetjing å avgrensa dei skadar som alkoholforbruk kan innebere for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, og redusera alkoholbruken i tråd med nasjonal målsetjing.

Førebyggjing:

- 1.1 Foreldre/føresette og andre vaksne i leiarroller knytt opp mot born og ungdom, må med haldning til bruk av alkohol, gå føre med godt føredøme.
- 1.2 Opplysnings- og haldningsskapande tiltak om alkoholforbruk skal stå sentralt i Masfjorden sin alkoholpolitikk. Det skal arbeidast aktivt med førebyggjande tiltak i samarbeid med/mellom foreldre/føresette, skule, lag/organisasjonar og politi.
- 1.3 Det skal leggjast til rette for å gjera born og unge sine opphaldsstader og nærområder alkoholfrie.
- 1.4 Opphaldstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.
- 1.5 Masfjorden kommune er ”Samarbeidskommune med MOT”, ei ideell og landsomfattande stifting. MOT skapar varmare og tryggare oppvekstmiljø gjennom å styrke menneska sitt MOT til å ta vare på seg sjølve og kvarandre.
- 1.6 Masfjorden kommune gjev støtte til sertifikat for ungdom som går på haldningsskapande kurs

2. TILTAK

- 2.1 Alkoholpolitisk handlingsplan skal reviderast minimum ein gong i kommunestyrebolken
- 2.2 Avgifter som vert betalt til kommunen for alkoholomsetning, skal øyremerkast til haldningsskapande arbeid.
- 2.3 Avgift for sal- og skjenkeløyve er regulert i forskriftene til den nye alkohollova gjeldande frå 01.01.98. Løyvegebyret vert rekna for kvar vareliter med minstesatsar for sal og skjenking.
- 2.4 Kontrollutvalet for sal- og skjenkestader vert lagt til formannskapet.
- 2.5 Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, kan berre gjevast til daglegvarebutikkar.
- 2.6 Kommunen kan stilla som vilkår at ein skjenkestad skal ha 18 års aldersgrense der dette kan avgrensa tilgjenge til alkohol og gje betre kontroll med gjennomføringa av skjenkeløyve, jf alkohollova § 4-3.

3. SKJENKELØYVE

- 3.1 Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert berre gjeve til kafear/serveringsstader som gjev allsidig mattilbod. Skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 vert berre gjeve til overnattingsverksemdar.
- 3.2 Når det gjeld lukka einskildarrangement kan alle skjenkestader få løyve til skjenking av alkoholgruppe 3. Dette må gjelde ein førehandsbestemt krets av personar, herunder julebord og høgtidsarrangement i påsken.
- 3.3 Rådmannen får fullmakt til å gje skjenkeløyve for øl, vin og brennevin:
- i einskildhøve til slutta lag (ambulerande skjenkeløyve), jfr. alkohollova § 4-5
- i einskildhøve i samband med arrangement, jfr. alkohollova § 1-6, 3. ledd.
Slike løyver vert gjort med heimel i delegeringsreglementet pkt I.
- 3.4 Skjenkeløyver etter fullmakt frå rådmannen må skje innanfor tidsrommet frå kl 13.00 til kl 03.00 dagen etter.

4. SALS- OG SKJENKETIDER

- | | | |
|------------------------------------|----------------------|------------------|
| 4.1 For sal i alkoholgruppe 1: | Kvardagar | kl 09.00 – 20.00 |
| | Dagar før helgedagar | kl 09.00 – 18.00 |
| For skjenking gruppe 1 og 2: | | kl 13.00 – 01.00 |
| Lukka arrangement gruppe 1, 2 og 3 | | kl 17.00 – 02.00 |

5. TILHØVE TIL ANDRE PLANAR

- 5.1 Skjenkeløyve må vurderast opp mot strategisk næringsplan sin handlingsplan, der tiltak er å utvikla reiselivsprodukt.

6. INNDRAGING AV LØYVE

Brot på alkohollova bør etter skjøn gje reaksjonar etter følgjande retningslinjer:

- 6.1 Fyrste gong alkohollova vert brote skal det bli reagert med skriftleg åtvaring dersom brotet ikkje er særskild alvorleg.
- 6.2 Ved nytt brot på alkohollova, etter at skriftleg åtvaring er gjeve, skal ein til vanleg inndra skjenke- eller salsløyve for kortare eller lenger tid. For kvar gong det vert reagert mot same løyvehavar bør reaksjonen bli strengare.
- 6.3 Ved særskild grovt brot på alkohollova fyrste gong, kan det bli reagert med inndraging av skjenke- eller salsløyve for kortare eller lenger tid.
Brot på føresegnene om alder, og sal/skjenking til tydeleg rusa personar, vert normalt sett på som grovt.

Dersom oppgåve over omsetnad ikkje er levert innan fristen, eller sals- eller skjenkeavgifta ikkje er betalt i tide og etter puring, har rådmannen fullmakt til å inndra løyvet til oppgåva er levert eller avgifta er betalt.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 020/12 | Frode Vee-Haugen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 022/12 | Frode Vee-Haugen |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-606 | Arkivsaknr.: 11/810 |
|--------------|---------------------|

SAK 022/12 - OPPATTNYING AV SALSØYVE FOR ALKOHOL FOR 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Salsøyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Joker Haugsvær i Haugsværtunet
Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
2. Som styrar og avløyssar vert desse godkjend:
Joker Haugsvær Geir Ove Matre, 5984 Matredal
Astrid Vågseth, 5984 Matredal (avløyssar)

Spar Hosteland Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland
Lillian Wergeland, 5986 Hosteland (avløyssar)

Daglegvarebutikken
Andvikgrend Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes

Kvingo Nærkjøp AS Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes

Sandnesbutikken AS Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes
3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyssar for Daglegvarebutikken i Andvikgrend v/Marit Krossøy, Kvingo Nærkjøp AS og Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.
4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.12 til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Alkohollova med forskrifter.

Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl Taule

Tone Haugsvær

Lensmannen i Masfjorden

Masfjorden kommune - NAV

Sosialtenesta

Merethe Sannes Tveito

Rune Lindnes

Mjukebakkane 18

5936 MANGER

5981 MASFJORDNES

5966 EIVINDVIK

5986 HOSTELAND

5918 FREKHAUG

5957 MYKING

KS-022/12 VEDTAK:

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Joker Haugsvær i Haugsværtunet
Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
2. Som styrar og avløyssar vert desse godkjend:
Joker Haugsvær Geir Ove Matre, 5984 Matredal
Astrid Vågseth, 5984 Matredal (avløyssar)

Spar Hosteland Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland
Lillian Wergeland, 5986 Hosteland (avløyssar)

Daglegvarebutikken
Andvikgrend Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes

Kvingo Nærkjøp AS Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes

Sandnesbutikken AS Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes
3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyssar for Daglegvarebutikken i Andvikgrend v/Marit Krossøy, Kvingo Nærkjøp AS og Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.
4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.12 til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Marit Steinestø, KrF, sa at KrF kjem til å stemma i mot denne saka og neste sak av prinsipielle grunnar.

Wenke Ekren, H, sa seg ugild i denne saka grunna slektskap med dei som driv butikken på Kvingo.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Ekren var ugild.

Lillian Andvik, KrF, spurde om ho var ugild sidan ho har aksjar i Sandnesbutikken. Kommunestyret vedtok samrøystes at Andvik var ugild.

Ekren og Andvik forlet møtet.

Røysting:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding med 14 røyster mot 1 røyst. (KrF)

FS-020/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:
Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Joker Haugsvær i Haugsværtunet
Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland - Spar Hosteland i Nordbygda Senter
Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Daglegvarebutikken i Andvikgrend
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes - Sandnesbutikken AS
2. Som styrar og avløyssar vert desse godkjend:
Joker Haugsvær Geir Ove Matre, 5984 Matredal
Astrid Vågseth, 5984 Matredal (avløyssar)

Spar Hosteland Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland
Lillian Wergeland, 5986 Hosteland (avløyssar)

Daglegvarebutikken
Andvikgrend Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes

Kvingo Nærkjøp AS Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes

Sandnesbutikken AS Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes
3. Det vert gjort unntak for kravet til avløyssar for Daglegvarebutikken i Andvikgrend v/Marit Krossøy, Kvingo Nærkjøp AS og Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.
4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.12 til og med 31.03.16 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår med 4 røyster mot 1 røyst (KrF) kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|---|---|
| 1 | I | 19.12.2011 | Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad | Melding om overføring av salsløyve frå M.I. Kvinge |
| 3 | I | 15.01.2012 | Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad | Søknad om salsbevilling for alkohol |
| 5 | I | 23.01.2012 | Kvingo Nærkjøp AS v/Kariann Ekren | Søknad om salsbevilling for alkohol |
| 2 | U | 30.01.2012 | Sals- og skjenkestader i Masfjorden kommune | Informasjon om søknadsfrist for ny sals- og skjenkeperiode |
| 6 | I | 31.01.2012 | Marit Krossøy | Søknad om oppattning av salsløyve for 2012 - 2016 |
| 4 | U | 02.02.2012 | Sandnesbutikken AS v/Anita Tepstad | Førebels svar på søknad om salsløyve for alkohol |
| 7 | I | 10.02.2012 | Nordbygda Senter AS v/Magnar Ulvatn | Søknad om oppattning av salsløyve for alkohol |
| 8 | I | 13.02.2012 | Matre, Geir-Ove Matre Handel | Søknad om oppattning av salsløyve for 2012 - 2016 |
| 9 | I | 28.02.2012 | Politiet - Hordaland politidistrikt v/Roar H. Brudevoll | Uttale til nye salsløyve - Nordbygda Senter, Matre Handel og Kvingo Nærkjøp |
| 10 | I | 05.03.2012 | Politiet - Hordaland politidistrikt v/Roar H. Brudevoll | Uttale til nye salsløyve - Marit Krossøy Daglegvarebutikk og Sandnesbutikken AS |
| 12 | I | 09.03.2012 | NAV Masfjorden | Uttale til nye sals- og skjenkeløyver 2012-2016 |

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Desse salsstadene med løyvehavarar søker om oppattning av salsløyve for 4 år:

| | |
|---------------------------------|-------------------------------------|
| Geir Ove Matre, 5984 Matredal | - Joker Haugsvær i Haugsværtunet |
| Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland | - Spar Hosteland i Nordbygda Senter |
| Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes | - Daglegvarebutikken i Andvikgrend |
| Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes | - Kvingo Nærkjøp AS |
| Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes | - Sandnesbutikken AS |

Eksisterande løyveperiode for alle salsstader gjeld fram til 31.03.12. Løyvet gjeld likevel til utgangen av den månaden der løyvet vert endeleg avgjort, jfr. alkohollova § 1-6, siste ledd. Kommunen har annonsert søknadsfrist på heimesida og sendt brev til dei aktuelle salsstadane.

UTTALE

Lensmannen har i brev datert 28.02.12 og 05.03.12 gjeve slik uttale:

”Ein har ingen særlege merknader til søknaden.”

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 12.03.2012 ingen merknader til oppattning av sals- og skjenkeløyve 2012 – 2016.

Sosialtenesta har i brev datert 09.03.12 gjeve slik uttale:

”NAV Masfjorden kan ut fra sosiale og helsemessige tilhøve ikkje tilrå fornying av sals- og skjenkeløyver i søknadene som ligg føre. Dette gjeld:

- Kvingo Nærkjøp AS
- Fredsom Cafe og pub
- Lenas kafe og catering. Lena Mårud
- Fjellstovedrift v/Øystein Bjørnsen
- Sandnesbutikken AS
- Thomas Krossøy / Marit Krossøy (daglegvarebutikk)
- Matre Handel
- Spar Hosteland

Målsetjinga i ”Alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune” vedteken 15.02.96, sist revidert 22.04.2008 er:

”å avgrense skader som alkoholbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune og redusera alkoholforbruken i tråd med nasjonal målsetjing ”.

All forskning viser at lett tilgjenge til alkohol gjer at forbruket aukar.

Auka forbruk og lett tilgjenge vil føre til fleire familieproblem og større vanskar for barn og unge.

Lett tilgjenge til alkohol i nærmiljøet vil gjere at unge ungdomar også vil få lettare tilgjenge og auka forbruk. Dette er ikkje ei utvikling som NAV kan støtte.”

FAKTA

Joker Haugsvær søker om løyve

frå kl. 08.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og frå kl. 09 - kl. 18.00 på laurdag.

Spar Hosteland søker om løyve

frå kl. 09.00 – kl. 19.00 måndag-fredag og frå kl. 09 - kl. 17.00 på laurdag.

Daglegvarebutikken på Andvik søker om løyve

frå kl. 09.00 – kl. 17.00 måndag-torsdag, fredag til kl. 18.00 og frå kl. 09.00 - kl. 14.00 på laurdag.

Kvingo Nærkjøp AS søker om løyve

frå kl. 10.00 – kl. 17.00 måndag-torsdag, fredag til kl. 19.00 og frå kl. 09.30 - kl. 15.00 på laurdag.

Sandnesbutikken AS søker om løyve

frå kl. 09.00 – kl. 20.00 måndag-fredag og til kl. 18.00 på laurdag.

Den butikken som har lengst opningstid i dag er Spar Hosteland, kvardagar frå kl. 09.00 – kl. 19.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 – 17.00. Dei andre butikkane har noko mindre opningstid.

Eksisterande løyve

Alle har salsløyve for alkoholgruppe 1, kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00. Dette er i samsvar med gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.

Sandnesbutikken AS overtok løyvet og dei tidlegare lokala til M.I. Kvinge frå 1.01.2012, jf. alkohollova § 1-10, 1. ledd.

Alle søkarane med styrarar og avløyssarar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova §1-7c, 3. ledd. Kvingo Nærkjøp AS har ikkje ført opp avløyssar i sin søknad.

Alle løyvehavarane har levert inn omsetningsoppgåve for 2011.

VURDERING

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei salsstadene som har søkt om løyve. Erfaringane så langt med løyva har vore tilfredsstillande. Det vert såleis lagt til grunn at reglane i alkohollova bl.a. når det gjeld sal til mindreårige vert følgt ved ei oppattning av salsløyva.

Salstidene for alle salsløyva er følgt så langt rådmannen har kjennskap til.

Løyvehavarane har dokumentert tilfredsstillande kunnskap om alkohollova etter det nye og strengare dokumentasjonskravet i nemnte lov.

Det ligg ikkje føre ny informasjon eller opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort i frå tidlegare praksis med å gje salsløyve til alle søkarane for ein periode på 4 år.

Dei løyvehavarane som ikkje har ført opp avløyssar bør få fritak for dette. Det vil virka urimeleg av omsyn til salsstadene sin storleik å stilla eit slikt krav, jfr alkohollova § 1-7c, 1. ledd. For dei søkarane som har ført opp avløyssar i sine søknader, ser rådmannen dette likevel om ein styrke.

KONKLUSJON

Det vert gjeve salsløyve for alkohol gruppe 1 for dei løyvehavarane som har søkt om oppattning.

Løyveperioden gjeld for 4 år. Salstida vert kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar kl 09.00 - 18.00. Det er i samsvar med eksisterande løyveperiode.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 021/12 | Frode Vee-Haugen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 023/12 | Frode Vee-Haugen |

| | |
|--------------|--------------------|
| Arkiv: N-614 | Arkivsaknr.: 12/66 |
|--------------|--------------------|

SAK 023/12 - OPPATTNYING AV SKJENKELØYVE FOR PERIODEN 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane:
Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg - Fjellstovedrift (Stordalen Fjellstove) Somsri
Fredheim, 5981 Masfjordnes – Fredsom Cafe og Pub
Lena Mårud, 5986 Hosteland - Lenas Kafé & Catering
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar:
Stordalen fjellstove – Styrar: Øystein Bjørnsen,
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
Fredsom Cafe og Pub – Styrar: Svein Fredheim, 5981 Masfjordnes.
Fritak for avløyssar.
Lenas Kafé & Catering – Styrar: Lena Mårud, 5986 Hosteland.
Fritak for avløyssar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
- Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal ca. 250 m². Sitteplassar inne ca. 180.
Fredsom Cafe og Pub:
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m².
- Uteområdet ca. 100 m² med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.
Lenas Kafé & Catering:
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafé.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2012 til og med 31.03.2016
jfr. alkohollova § 1-7

Heimel Alkohollova med forskrifter

FS-021/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane:
Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg - Fjellstovedrift (Stordalen Fjellstove) Somsri
Fredheim, 5981 Masfjordnes – Fredsom Cafe og Pub
Lena Mårud, 5986 Hosteland - Lenas Kafé & Catering
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar:
Stordalen fjellstove – Styrar: Øystein Bjørnsen,
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
Fredsom Cafe og Pub – Styrar: Svein Fredheim, 5981 Masfjordnes.
Fritak for avløyssar.
Lenas Kafé & Catering – Styrar: Lena Mårud, 5986 Hosteland.
Fritak for avløyssar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
- Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal ca. 250 m². Sitteplassar inne ca. 180.
Fredsom Cafe og Pub:
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m².
- Uteområdet ca. 100 m² med avmerka område i inngjerda og skjerna hage.
Lenas Kafé & Catering:
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafé.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matserving i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2012 til og med 31.03.2016 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Formannskapet rår med 4 røyster mot 1 røyst (KrF), kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-023/12 VEDTAK :

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane:
Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg - Fjellstovedrift (Stordalen Fjellstove)
Somsri Fredheim, 5981 Masfjordnes – Fredsom Cafe og Pub
Lena Mårud, 5986 Hosteland - Lenas Kafé & Catering
2. Desse vert godkjend som styrar og avløyssarar:
Stordalen fjellstove – Styrar: Øystein Bjørnsen,
Avløyssar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger
Fredsom Cafe og Pub – Styrar: Svein Fredheim, 5981 Masfjordnes.
Fritak for avløyssar.
Lenas Kafé & Catering – Styrar: Lena Mårud, 5986 Hosteland.
Fritak for avløyssar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:
Stordalen fjellstove:
- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
- Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal ca. 250 m2. Sitteplassar inne ca. 180.
Fredsom Cafe og Pub:
- Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
- Uteområdet ca. 100 m2 med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.
Lenas Kafé & Catering:
- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst frå kafé.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
Overnattingsstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2012 til og med 31.03.2016 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Wenke Ekren, H, sa seg ugild i denne saka pga av slektskap med løyveharar.

Marit Steinestø, KrF, sa at KrF vil røysta i mot oppattnying av skjenkeløyve av prinsipielle grunnar.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 14 mot to røyster:

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|--|--|
| 1 | I | 31.01.2012 | Lenas Kafe & Catering v/Lena Mårud | Søknad om oppattning av skjenkeløyve |
| 2 | I | 14.02.2012 | Fredsom cafe og pub v/Svein Fredheim | Søknad om oppattning av skjenkeløyve |
| 3 | I | 23.02.2012 | Øystein Bjørnsen | Søknad om oppattning av skjenkeløyve |
| 4 | U | 24.02.2012 | Masfjorden kommune - NAV Sosialtenesta; Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjar; NAV Masfjorden - Sosialtenesta | Innhenting av uttale til nye sals- og skjenkeløyver for perioden 2012 - 2016 |
| 5 | I | 07.03.2012 | Politi - Hordaland politidistrikt | Uttale til skjenkeløyve for perioden 2012-2016 - Fjellstovedrift - Lenas Kafe&Catering - Fredsom cafe og pub |
| 6 | I | 09.03.2012 | Nav | Uttale til nye sals- og skjenkeløyve 2012-2016 |

Utskrift vert sendt:

| | | | |
|---|-----------------|------|-----------|
| Berit H. Kongestøl Taule | | 5936 | MANGER |
| Lensmannen i Masfjorden | | 5966 | EIVINDVIK |
| Masfjorden kommune - NAV Sosialtenesta | | 5986 | HOSTELAND |
| Merethe Sannes Tveito | Mjukebakkane 18 | 5918 | FREKHAUG |
| Rune Lindnes | | 5957 | MYKING |

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det er tre skjenkestader som søker om oppattning av skjenkeløyvet: Fjellstovedrift (Stordalen Fjellstove), v/Øystein Bjørnsen, 5913 Eikangervåg. Fredsom Cafe og Pub v/Somsri Fredheim, 5981 Masfjordnes. Lenas Kafé & Catering v/Lena Mårud, 5986 Hosteland.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til 31.03.12. Løyvet gjeld likevel til utgangen av den månaden der løyvet vert endeleg avgjort, jfr. alkohollova § 1-6, siste ledd. Kommunen har annonsert ein søknadsfrist 20.02.12 på heimesida og med brev til eksisterande løyvehavarar.

UTTALE

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 14.03.08 gjeve slik uttale:

Lensmannen har i brev datert 07.03.12 gjeve slik uttale:

”Lensmannen har ikkje merknader til at det vert gjeve sals- og skjenkeløve som omsøkt.”

Skatteoppkrevjaren har i brev datert 12.03.2012 ingen merknader til oppattnying av sals- og skjenkeløyve 2012 – 2016.

Nordhordland kemnerkontor har etter spørsmål den 12.03.2012 heller ingen merknader til oppattnying av sals og skjenkeløyve.

Sosialtenesta har i brev datert 09.03.12 gjeve slik uttale:

”NAV Masfjorden kan ut fra sosiale og helsemessige tilhøve ikkje tilrå fornying av sals- og skjenkeløyver i søknadene som ligg føre. Dette gjeld:

- Kvingo Nærkjøp AS
- Fredsom Cafe og pub
- Lenas kafe og catering. Lena Mårud
- Fjellstovedrift v/Øystein Bjørnsen
- Sandnesbutikken AS
- Thomas Krossøy / Marit Krossøy (daglegvarebutikk)
- Matre Handel
- Spar Hosteland

Målsetjinga i ”Alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden kommune” vedteken 15.02.96, sist revidert 22.04.2008 er:

”å avgrense skader som alkoholbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune og redusera alkoholforbruken i tråd med nasjonal målsetjing ”.

All forskning viser at lett tilgjenge til alkohol gjer at forbruket aukar.

Auka forbruk og lett tilgjenge vil føre til fleire familieproblem og større vanskar for barn og unge.

Lett tilgjenge til alkohol i nærmiljøet vil gjere at unge ungdomar også vil få lettare tilgjenge og auka forbruk. Dette er ikkje ei utvikling som NAV kan støtte.”

FAKTA

Alle søkarane søker om allment skjenkeløyve i 4 år slik:

| | |
|------------------------|---|
| Stordalen fjellstove: | Fredag frå kl. kl. 13.00 – kl. 01.00. Laurdag frå kl. kl. 13.00 – kl. 02.00. Alle andre dagar frå kl. 13.00 – kl. 24.00. Alkoholgruppe 1, 2 og 3 |
| Lenas Kafé & Catering: | Fredag og laurdag frå kl. 13.00 – kl. 24.00. Alle andre dagar frå kl. 13.00 – kl. 21.00. Alkoholgruppe 1 og 2. |
| Fredsom Cafe og Pub: | Torsdag frå kl. 13.00 – kl. 20.00. Fredag frå kl. 17.00 – kl.01.00. Laurdag og søndag frå kl. 13.00 – 01.00. Alkoholgruppe 1 og 2. |

Område for eksisterande skjenkeløyve:

Stordalen fjellstove:

- 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom

Uteområde under altan utanfor spisesal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Område under altan avgrensa med tregjerde.

Lenas Kafé & Catering:

- Kafelokalet og uteskjenking ved 5 bord plassert avskjerma med direkte tilkomst til kafé.

Fredsom Cafe og Pub:

- Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage. Inngang frå/til hovudlokale.

Alle skjenkestadene søker om oppattnying av skjenkeløyve for eksisterande område.

Alle har skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 13.00 – kl. 01.00. Fjellstovedrift har brennevinsløyve frå kl 13.00 – kl. 24.00.

Fredsom Cafe og Pub og Lenas Kafé & Catering søker om fritak for krav om avløyser for styrar på grunn av få opningsdagar og liten omsetnad.

Opplysning om driftskonseptet:

”Kafèdrift med lettere måltider, middager og drikke. I lavsesongen (høst-vinter og vår) har jeg redusert åpningstider, og disse vil utvides i sommermånedene. Seneste åpningstiden vil være fredagene, evt lørdager, hvor vi vil ha åpent til kl 00 evt 01. De andre dagene vil vi stenge kl 18 og 20.”

Alle skjenkestadene har levert omsetningsoppgåve for 2011.

Det er berre Lenas Kafe og Catering v/Lena Mårud som har levert skatteattest.

Opplysning om driftskonseptet for Stordalen fjellstove:

”Overnatting, kafe / restaurant, selskap servering, bar, danseplass, servering av bussturister.

Fredsom Cafe og Pub har ikkje gjeve noko opplysning om driftskonseptet.

Alle søkarane med styrarar og avløyserar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova § 1-7c, 3. ledd.

VURDERING

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for skjenkestadene som har søkt om løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lensmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at aktuelle søkarar får oppattnya skjenkeløyva.

Ingen av skjenkestadene er typiske nærområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: ”Opphaldsstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til leik, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna dei fleste skjenkestadene.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Etter ei samla vurdering vert det gjeve nytt skjenkeløyve for alle tre skjenkestadane mellom kl 13.00 og 01.00 i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. I tillegg vert det gjeve brennevinsløyve fram til kl 24.00 for Stordalen fjellstove. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Som ein konsekvens av dette må reglane i alkohollova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for tilgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Søknader om ambulerande skjenkeløyve for skjenkestader som alt har løyve, fører med seg ein god del unødig ekstraarbeid og rutinemessig sakshandsaming som bør effektiviserast. Etablerte skjenkestader som alt har løyve bør også i denne løyveperioden få utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag.

Løyvehavarane har dokumentert gode kunnskapar om alkohollova sine reglar ved at både styrarar og avløyssarar har greidd kunnskapsprøva som kommunen har halde.

KONKLUSJON

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin for alle søkjarane frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar. I tillegg vert det gjeve brennevinsløyve fram til kl 24.00 for Stordalen fjellstove.

Alle skjenkestadene får uteservering på eit nærmare definert område.

Alle skjenkestadene får utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.

Løyvet gjeld for perioden 01.04.12 til 31.03.16.

Styrarar og avløyssarar vert godkjende slik det er søkt om.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 022/12 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 024/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-113 | Arkivsaknr.: 11/665 |
|--------------|---------------------|

SAK 024/12 - ENDRING AV GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR OG LANDBRUK FOR ÅR 2012 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Endring av gebyrregulativet for teknisk sektor for 2012 for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker (FOR-2011-12-14-1336)

FS-022/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Endring av gebyrregulativet for teknisk sektor for 2012 for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om endringane i gebyrregulativet som gjeld delings og konsesjonssaker.

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS-024/12 VEDTAK:

Endring av gebyrregulativet for teknisk sektor for 2012 for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

[Ny gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker frå 01.01.2012](#)¹

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Forslag til ny gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker vart sendt på høyring av Statens landbruksforvaltning 04.02.10. Forskrifta vart vedtatt 14.12.11 og trådde i kraft 01.01.12. Som følgje av forskrifta er det naudsynt å gjere endringar i gebyrregulativ for Masfjorden kommune.

FAKTA

Gebyrregulativet vart sist revidert i K-sak 091/11 den 25.10.2011.

VURDERING

Etter tidlegare forskrift skulle gebyr for konsesjonssaker bereknast ut i frå kjøpesum for eigedomen, 3 promille av den første millionen og deretter 2 promille, med eit minstegebyr på kr 750. For søknad om deling var det eit fast gebyr på kr 750.

I ny forskrift er det fastsett maksimumsgebyr. Maksimumsgebyr for søknad om konsesjon er satt til kr 5 000. Maksimumsgebyr for søknad om deling er satt til kr 2 000.

Etter forskrifta § 2, 3. ledd kan kommunen fastsetje eit lågare gebyr enn maksimumsgebyr. Kommunen kan ikkje fastsetje eit høgare gebyr enn maksimumsgebyr. Om kommunen ikkje fastsett ei lågare sats er det maksimumsgebyr i forskrifta som gjeld.

Statens landbruksforvaltning mottok innspel frå 60 høyringsinstansar, kor av 48 kommunar. I tillegg er det innhenta erfaringstal frå 17 kommunar. 32 høyringsinstansar har vore positive eller slutta seg til dei opphavlege foreslåtte satsane i høyringsutkastet. Blant dei negative innspel vart det peika på at satsane var for låge til å dekke kommunen sine kostnader med saka. Statens landbruksforvaltning har tatt omsyn til innspela og justert gebyrsatsane i forskrifta opp etter høyringsrunda.

Rådmannen har sett på gjennomsnittleg arbeidsmengde for landbrukskontoret i delings- og konsesjonssakar for å kunne vurder kva gebyr som må fastsetjast for å oppnå størst mogleg grad av sjølvkost i sakshandsaminga. Timesats for teknisk sektor og landbruk er etter gjeldande regulativ kr 560 for kontorarbeid og kr 740 for feltarbeid.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for landbrukskontoret i delingssakene er 5-6 timar, inkludert synfaring. Gebyr etter tidlegare forskrift på kr 750 i delingssaker har vore uendra i lang tid. Gebyret gjev knapt dekning for ei arbeidstime og er ikkje representativ for landbrukskontoret sitt arbeid med saka. Basert på timesatsar og gjennomsnittleg tidsbruk på landbrukskontoret rår rådmannen til eit gebyret for delingssaker på kr 2 000 i samsvar med forskrifta § 2, 2. ledd.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for landbrukskontoret i konsesjonssaker er 6-8 timar. Salssummen for konsesjonspliktige eigedomar i Masfjorden ligg typisk mellom 1,0 og 2,0 millionar kronar, med hovudvekta av eigedomar frå 1,5 millionar kronar og meir. Etter tidlegare forskrift var til dømes gebyr for søknad om konsesjon på ein eigedom som vart seld for 2 millionar kr 5 000. Eit gebyr på kr 5 000 er såleis i samsvar med dei gebyr som vart

¹ Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker, Statens landbruksforvaltning

berekna etter tidlegare forskrift. Endringa gjev i lita grad gebyrauke for søkjer og vil truleg heller redusere enn auke dei samla gebyrinntektene for landbrukskontoret. Det er normalt ikkje samanheng mellom kjøpesum for eigedomen og landbrukskontoret sitt arbeid med konsesjonssaka. Ei fast gebyrsats gjev såleis eit meir riktig gebyrnivå. Basert på timesatsar og gjennomsnittleg tidsbruk på landbrukskontoret rår rådmannen til eit gebyret for konsesjonsaker på kr 5 000 i samsvar med forskrifta § 2, 1. ledd.

Det skal etter forskrifta § 1, fjerde ledd ikkje betalast gebyr når nær slektning eller odlar søkjer konsesjon fordi lovpålagd buplikt ikkje vert oppfylt. Det skal heller ikkje betalast gebyr når det er kommunen sjølv som er kjøpar og søkjer konsesjon.

Endringane er innarbeidd i gebyrregulativet som føl saka.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|----------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 024/12 | Sigvald Kvinge |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 025/12 | Sigvald Kvinge |

| | |
|--------------------|--------------------|
| Arkiv: N-016, N-55 | Arkivsaknr.: 12/81 |
|--------------------|--------------------|

SAK 25/12 - NGIB SAMARBEIDET - GODKJENNING AV FEDJE SOM MEDLEM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen på dei vilkår som nåverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset.

Medlemskapet gjeld frå 01.01.2012.

Finansiering

Heimel

Utskrift vert sendt:

Gulen kommune

5966 EIVINDVIK

Lindås kommune v/brannsjef

5914 ISDALSTØ

Gjert Holtan

FS-024/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen på dei vilkår som nåverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset.

Medlemskapet gjeld frå 01.01.2012.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-025/12 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen på dei vilkår som nåverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset.

Medlemskapet gjeld frå 01.01.2012.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|-------------------------------|--|
| 1 | I | 06.02.2012 | Leif Radøy kommune v/Taule | Tilnytning til NGIB samarbeidet - Fedje kommune |
| 2 | I | 24.02.2012 | Modalen kommune | Melding om vedtak - inkludering av Fedje kommune i NGIB |

Utskrift vert sendt:

Gulen kommune

5966 EIVINDVIK

Lindås kommune v/brannsjef

5914 ISDALSTØ

Gjert Holtan

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Fedje kommune har i brev av 01.07.11 kome med førespurnad om å bli med i Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB).

Førespurnaden har vore handsama på brannsjefsmøte 02.12.11. Brannsjefsmøte tilrådte ein slik søknad.

FAKTA

Fedje kommune har eit folketal på om lag 600 innbyggjarar. Mengden av aktuelle objekt som krev tilsyn ligg mellom 8-12 stk.

Samla folketal innafor NGIB sitt arbeidsområde i 9 kommunar vil då ligge på vel 35.000 innbyggjarar. Etter gjeldande dimensjoneringsforskrift i brannlova skal det vera ein inspektør pr. 10.000 innbyggjarar i tillegg til dagleg leiar dvs. i alt 4,5 heilårsstillingar. NGIB har vore organisert med 4 stillingar sidan sist revisjon av ordninga i 2004 då Radøy og Solund vart medlemmar. Då låg innbyggjartalet på ca 31000. NGIB vurderer den auka arbeidsmengda som ein vil få ved at Fedje blir medlem som såpass moderat, at det ikkje er naudsynt å auka mannskapsressursen men det vil på sikt bli naudsynt med ein auke i tal tilsette. Kostnadene ein får vil bli dekkja opp med dei inntekter ein får når Fedje blir medlem.

Etter regelverket i samarbeidsavtalen pkt.7 skal alle kommunestyra som nå er medlem, godkjenne endring i avtalen før denne vert gyldig.

VURDERING

Fedje er den siste kommunen i region Nordhordland som nå blir medlem i NGIB. Dette vil vera til nytte både for Fedje kommune og for samarbeidet i regionen. Meirkostnadene vil bli dekkja inn av Fedje sitt medlemskap.

Reint praktisk bør medlemskapet for Fedje gjelde frå 01.01.2012.

KONKLUSJON

Kommunestyret godkjenner at Fedje kommune vert med i felles brannførebyggjande avdeling for Nordhordland og Gulen på dei vilkår som nåverande samarbeidsavtale mellom kommunane fastset.

Medlemskapet gjeld frå 01.01.2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 023/12 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 026/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|----------------|---------------------|
| Arkiv: N-101.2 | Arkivsaknr.: 12/150 |
|----------------|---------------------|

SAK 026/12 - PLANSTRATEGI FOR MASFJORDEN KOMMUNE 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vert det vedteke oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune slik prosess og framdrift er skildra i saksframlegget.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova

FS-023/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vert det vedteke oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune slik prosess og framdrift er skildra i saksframlegget.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådgjever Anne Kristin Rafoss og spesialrådgjever Lovisa Midtbø orienterte.

I høve ny plan- og bygningslov § 10-1 er kommunen no pålagt å utarbeida og vedta ein planstrategi.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode vedta ein kommunal planstrategi.

Dette vil sei ein handlingsplan med ei liste over planar som kommunen skal laga knytt til både samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar osv.

Her vil det og bli ei form for prioritering.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte og sa at det har kome melding om vedtak frå Lindås, Modalen og Høyanger om deira oppstart av planstrategi. Rafoss spurde om formannskapet hadde merknader til desse planane.

Formannskapet ba om at det vart sendt merknad til Lindås sin planstrategi om akvakultur og generelt svar til Modalen og Høyanger.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-026/12 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 vert det vedteke oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune slik prosess og framdrift er skildra i saksframlegget.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om minna kommunestyret om at 18.04.2012 kl. 18.15. vert det eit arbeidsseminar for politikarar for å framskaffa grunnlagsmateriell til arbeidsgruppa.

Denne saka handlar om kva planar me no skal jobba med. Det er og tanken å satsa på opplæring slik at ein og kan laga ein del planar sjølv.

John Torsvik, spørsmål om trafikksikringsplan og om slik plan vil vera avgjerande for å koma vidare med trafikksikring?

Ordførar svara at det vil bli laga ein trafikksikringsplan.

Røysting:

Kommunestyrt vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

[Kommunal planstrategi](#)

[Inspirasjonshefte om kommunale planstrategiar](#)

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør etter § 10-1 i plan- og bygningslova omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til både samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane sine aktivitetar, samt ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

I arbeidet med planstrategidokumentet, pliktar kommunen å hente inn synspunkt frå statlege og regionale etatar og nabokommunar. Det er og lagt vekt på at ein bør leggje opp til ei god medverknad og ålmenn debatt som grunnlag for handsaminga. Framlegg til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg kjent minst 30 dagar før kommunestyret skal ha saka til handsaming.

Ved handsaminga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan – eller deler av denne – skal reviderast eller om planen skal førast vidare utan endringar. Kommunestyret kan vidare ta stilling til om det er behov for å starte opp arbeidet med andre arealplanar eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast. Planstrategien er retningsgjevande og det som vert fastsett i dette dokumentet er ikkje til hinder for at og andre planar / planoppgåver kan starte opp i planperioden.

FAKTA

Masfjorden kommune har sendt kommuneplanen sin arealdel ut til 2.gangs høyring. Høyringsfrist er sett til 16.04.2012. Ein planlegg å vedta heile kommuneplanen opp i kommunestyret i mai. Planstrategien vert vedteken i eit seinare møte (september).

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, men skal vere eit verktøy for å definera ulike strategiar og planbehov for å utvikle og drifte kommunen, og for å møte framtidige utfordringar.

VURDERING

Masfjorden kommune har i valperioden 2008 – 2011 vore gjennom eit omfattande planarbeid med så godt som ferdigstilling av både samfunndelen og arealdelen til kommuneplanen samt områdeplanen for Matre.

Regjeringa har vedteke dokumentet: ”Nasjonale forventningar”, der dei peikar på kva viktige oppgåver og interesser ein skal fokusera på i planlegginga, for å bidra til gjennomføringa av gjeldande nasjonal politikk. Forventningane er retningsgjevande og følgjande hovudtema er med:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Både dei nasjonale forventningane og framlegg til ny kommuneplan for Masfjorden kommune gjev etter rådmannen si vurdering eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med planstrategi-dokumentet.

Lovverket sitt krav til at kommunestyret skal drøfte kva planbehov kommunen har for valperioden 2012 – 2016 bør ta utgangspunkt i kommuneplanen som snart vert vedteke. Samfunnsdelen har definert hovudmåla for kommunen og kvart kapittel har eigne delmål som skal føre til at hovudmåla vert realisert. Behov for nye arealplanar eller stadanalysar utover det som går fram av samfunnsdelen, er identifisert i planskildringa.

Det faglege arbeidet kan difor avgrense seg til å klargjere om det er nye utviklingstrekk eller utfordringar som kommunen må definere utover det som er lagt til grunn i framlegg til ny kommuneplan. Ein viktig del av det faglege arbeidet vert og å definere planoppgåver som ikkje er heimla i plan- og bygningslova. Dette gjeld både planar som er lovpålagt etter sektorlover og planar som ikkje er lovpålagt men avgjerande for kommunen å ha på plass.

Organisering og prosess:

- Styringsgruppe:** Sidan planstrategien er eit sektorovergripande dokument kan det vere føremålstenleg at formannskapet er styringsgruppe for arbeidet. Styringsgruppa må drøfte kor mykje medverknad ho ønskjer frå andre grupper i lokalssamfunnet. Med den nye kommuneplanen som grunnlag kan det vere at behovet for medverknad kan avgrensast til berre å gjelde einskilde grupper og fagsamlingar.
- Arbeidsgruppe:** Rådmannen peiker ut ei gruppe med brei administrativ samansetting som skal starte opp arbeidet med eit grunnlagsdokument for politisk drøfting knytt til strategiar og planbehov. Oppstartsvedtaket skal varslast med offentleg kunngjering og med brev til statlege og regionale organ samt nabokommunar. Innspel som kjem inn må drøftast både i arbeidsgruppa og seinare i styringsgruppa.
- Arbeidsseminar:** Rådmannen nyttar ein del av ei leiarsamling som arbeidsseminar for å framskaffe grunnlagsmateriell til arbeidsgruppa
- Rådmannen oppfordrar alle politiske parti i Masfjorden til å kome på eit arbeidsseminar onsdag 18.04.2012 på kommunehuset. Tema for arbeidsseminaret er **Vegen frå partiprogram til planstrategi**. Arbeidet som vert gjort på dette arbeidsseminaret skal vere grunnlagsmateriell for arbeidsgruppa.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyre vedtek oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune slik prosess og framdrift er skildra i saksframlegget.

Ajourført liste over kommunale planar frå planprogrammet

| | |
|--|---|
| Kommuneplan for Masfjorden 2012 - 2024 | på 2.gangs høyring |
| Kommedelplan for Stordalen 2008 - 2019 | gjeldande |
| landbruksplan | under planlegging |
| Reguleringsplanar som framleis skal vera gjeldande | Eiga liste på plankartet |
| Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune, 2000-2003 | utgått |
| Fv 570 | |
| Rosanalyse | utgått |
| | |
| Kommunedelplan for energi- og klima | gjeldande |
| Kommunedelplan for næring, | under arbeid |
| | |
| Kartlegging av biologisk mangfald | rapport – kartfesta i verdikartet |
| Viltkartlegging | rapport – kartfesta i verdikartet |
| Digitale markslagskart, AR5 | gjeldande |
| Forvaltningsplan for gås | gjeldande |
| Forvaltningsplan for hjort | under arbeid |
| | |
| Geodataplan for Nordhordland og Gulen, 2006-2009 | rullering påtenkt |
| Verksemdsplan for plan- og byggesak i region Nordhordland og Gulen 2006-2009 | rullering påtenkt |
| | |
| Plan for oppvekstsektoren i Masfjorden kommune, 2006-2010 | utgått |
| Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen | gjeldande |
| Barnehageplan | gjeldande |
| | |
| Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet | gjeldande |
| Kommunedelplan for Kulturvern, 1995-1999 | utgått - men handlingsdelen er oppdatert |
| | |
| Smittevernplan | gjeldande |
| Helse, pleie- og omsorgsplan | Utgått – ny under arbeid |
| Plan for psykisk helsearbeid 2006-2010 | utgått |
| | |
| Forvaltningsrevisjonen sine brukarundersøkingar | |
| | |
| Delegeringsreglementet | gjeldande |
| Personalreglementet | gjeldande |
| Kompetanseplan for Masfjorden kommune | under planlegging – kompetansekartlegging gjennomført |
| Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette | gjeldande |
| Lønnspolitisk plan | gjeldande |
| Alkoholpolitisk handlingsplan | gjeldande |

| | |
|----------------------------------|--------------------------------|
| Økonomireglement | gjeldande |
| Arkivplan for Masfjorden kommune | gjeldande – behov for revisjon |
| Kriseplan | Revisjon pågår |
| Beredskapsplan | Under planlegging |
| Hovudplan for vassforsyning | utgått |
| Hovudplan for avløp | |

Arealplanar under arbeid

- Interkommunal plan for Fensfjorden
- Risneskaien
- Fagerbotn hyttefelt
- Skjerjebakken gravplass
- Sandnes kyrkjegard
- Private reguleringsplanar

Temaplanar under arbeid

- Adresseplanen

Liste over behov for nye planar basert på framlegg til ny kommuneplan (ikkje uttømmende)

- Områdeplan Matre
- Områdeplan byggeområde og vegutløysing Sandnes
- Områdeplan bru over Masfjorden
- Områdeplan byggeområde Skjelsundet - Hosteland med gangvegar
- Endring reguleringsplan Hosteland Aust
- Endring reguleringsplan Haugsvær
- Områdeplan E39 – gang- og sykkeltrase Haugsvær - Matre
- Stadanalyse Andvik
- Stadanalyse naustområde Frøyset
- Rasprosjektet
- Temakart for næringsareal
- Handlingsplan for folkehelse
- Kulturskuleplan
- Bibliotekplan
- Langsiktig plan for oljegrusing / kommunale vegar
- Plan og temakart for fjellområda med vekt på stolar og stølsvegar
- Plan og temakart for eksisterande og planlagt småkraftutbygging

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 025/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 027/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-850 | Arkivsaknr.: 12/151 |
|--------------|---------------------|

SAK 027/12 - KRISEPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kriseplan for Masfjorden kommune vert vedteken slik han ligg føre.

Finansiering

Innanfor vedteke budsjett.

Heimel

FS-025/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kriseplan for Masfjorden kommune vert vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Det formannskapet skal vedta i dag er kriseplanen som er ein overordna plan.

Beredskapsplanen er ein meir detaljert plan og den må vera på plass i løpet av året.

Kanskje me kan ta ei utvida temasekvens i kommunestyret den 29.03 om dette temaet.

Beredskapsansvarleg Ørnulf Lillestøl orienterte. Masfjorden kommune har ikkje stillingar som har kontinuitet på dette området. Kanskje eit samarbeid med Gulen kunne vera aktuelt og me har allereie nokre område der kommunane samarbeider.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg.

KS-027/12 VEDTAK:

**Kriseplan for Masfjorden kommune vert vedteken slik han ligg føre
Beredskapsplanen er ein meir detaljert plan og den må vera på plass i løpet av året.**

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at kriseplanen er ein overordna plan. Slik den ligg føre til kommunestyret er den ikkje heilt oppdatert med omsyn til tekst tverrfagleg støtteteam (side 78 i sakspapira) + oppdatering telefonnummer osv. Det vil bli gjort så snart som mogeleg - og desse vert innarbeidd i kriseplanen.

Beredskapsplanen er ein meir detaljert plan som må vera på plass i løpet av året.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål til planen.

Egil Kvingedal, V, sa det er viktig at kriseplanen som vert vedteke i dag ikkje vert mangelfull og fremja tilleggsforslag:

Beredskapsplanen er ein meir detaljert plan og den må vera på plass i løpet av året.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med tillegget frå Venstre.

SAKSTILFANG:

Kriseplan for Masfjorden kommune.

Dokument frå fylkesmannen sitt tilsyn på beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune 2011.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune hadde tilsyn frå fylkesmannen på beredskapsarbeidet våren 2011. På dette tilsynet hadde vi ingen avvik, men fylkesmannen fann grunn til å gje kommunen tre merknader. Merknader frå tilsynet 2011 var:

1. Kommunen har mangelfull ROS-analyse
2. Ambisiøs slutføring av kommuneplanen går på kostnad av arbeidet med overordna ROS.
3. Kommunen har mangelfull kriseplan.

Den kommunale kriseplanen er no revidert, og vert lagt fram til politisk handsaming.

FAKTA

Lovverket pålegg kommunane å ivareta tryggleik og beredskap for m a

- Beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga etter PLB-lova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann og eksplosjonsvern
- Sikkert drikkevatt
- Informasjon

Etter tilsynet gav kommunen ei attendemelding til fylkesmannen, der vi gjorde greie for korleis kommunen ville følgja opp merknadene frå tilsynet. Eit av tiltaka vi melde var at samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune tidleg skulle vera tema på folkevaldopplæringa.

Konkret oppfølging av merknadene vart skissert slik:

”Merknad nr 1.

Kommunen har mangelfull overordna ROS-analyse.

Dette er ei utfordring for oss, og vi har alt starta arbeidet med å fullføra den overordna ROS-analyse som fylkesmannen vart kjend med i tilsynet.

Merknad nr 2.

Ambisiøs slutføring av kommuneplanen går på kostnad av arbeidet med overordna ROS.

Rådmannen har vurdert å ta ressursar frå kommuneplanarbeidet og fullføra overordna ROS. Dette er ikkje gjort av to grunnar. For det første er viktige utviklingsprosjekt i kommunen på bustadbygging og næring avhengige av godkjend kommuneplan, og noverande kommunestyre ynskjer å slutthandsama planen.

For det andre har vi ikkje god nok ROS-kompetanse i planleggargruppa. Men vi har lagt vekt på å belysa fagområda som peikte seg ut i vår tidlegare ROS-vurdering (brann, trafikk og skred) i kommuneplanarbeidet.

Merknad nr. 3

Kommunen har mangelfull kriseplan.

I framlegget til samfunnsdel av kommuneplanen har vi utarbeidd mål og tiltak for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet som inneber rutinar for revisjon av beredskapsplanverket. Koplingar til kriseplanar i andre sektorar vil bli innarbeidd i kriseplanen ved gjennomgang i september.

Når det gjeld rutinar for mottak og vidaresending av beredskapsvarsel utanom kontortid, så har vi hatt og har framleis eit teknisk problem som er uløyst. Vi har meldt dette inn som ei prioritert sak ved overgangen til felles datadrift for kommunane i Nordhordland pr 1. sept.

Når val og utnemning av medlemmer i beredskapsrådet er gjort i det nye kommunestyret, vil vi straks halda møte i beredskapsrådet og involvera dei i gjennomgang og revisjonsarbeid for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune.”

Masfjorden kommune har endringar når det gjeld leiarar og struktur i samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Både på politisk og administrativ side er det skifte, med m a ny ordførar, rådmann, teknisk sjef, brannsjef og ansvarleg sakshandsamar for den sivile beredskapen. Vi har etablert samarbeid med Gulen kommune på brannberedskapen. Dette er eit ideelt tidspunkt for å setja samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet på dagsorden og byggja kompetanse og handlekraft. Revisjon av kriseplanen og folkevaldopplæring for kommunestyret med tema samfunnstryggleik og beredskap er starten på denne oppfølginga.

VURDERING

Kriseplan for Masfjorden kommune

I tilsynet frå fylkesmannen vart det peika på følgjande tilhøve som forbettringsområde.

- Kommunen har manglande rutinar for revisjon av beredskapsplanverket
- Kriseplanen må sjåast i samanheng med manglande revisjon av overordna ROSanalyse
- Identifiserte hendingar i ROS skal vera grunnlaget for utarbeiding av kriseplanen
- Kriseplanen har ikkje koplingar til kriseplanar hjå andre sektorar i kommunen
- Kommunen har ikkje initiert eigne øvingar utover deltaking i Øving Hordaland. Det er i lovverket sett krav til at kriseplanen skal øvast jamnleg
- Kommunen har mangelfulle rutinar for mottak og vidaresending av beredskapsvarsel utanom kontortid på : beredskap@masfjorden.kommune.no
- Kommunen har i liten grad gjennomført møte i det kommunale beredskapsrådet

Mange av desse merknadene er retta opp med tiltak og innarbeidd i framlegget til revidert og oppdatert kriseplan. Etter at tilsynet frå fylkesmannen i 2011, har kommunestyret vedteke samfunnsdelen av kommuneplanen, der kap 4 heiter Samfunnstryggleik og beredskap. Masfjorden kommune har dermed klårt formulerte overordna mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Overordna målsettinga for beredskapsarbeidet er no kopla til kriseplanen.

Det er trong for vidare arbeid med beredskapsplanverket dersom Masfjorden kommune skal få eit tenleg planverk der kriseplanar frå alle sektorar er synleggjort og samordna.

Oppfølging av beredskapskapitlet i samfunnsdelen må synleggjerast i handlingsplanar, budsjett og økonomiplan. Grunnleggande for arbeidet vil vera den overordna ROS-analysen. Når det gjeld risikovurderingar og ROS-analysar har kommunen på plass vedtekne akseptkriteriar og ROS-analyse for brann er gjennomført.

Kriseplanen som no ligg føre, er først og fremst ein plan for arbeidet i den kommunale kriseleiinga. Fokus er på organisering og ansvar for kommunal kriseleiing, varsling, ressursar. For å handtera kriser på ein best mogleg måte er opplæring og øving viktig.

I det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vil det vera viktig å utarbeida ein beredskapsplan med tydelege koplingar til ROS-analysen, sektorane sine kriseplanar og storsamfunnet sin beredskapsorganisasjon.

KONKLUSJON

Kriseplan for Masfjorden kommune vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 027/12 | Ørnulf Lillestøl |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 028/12 | Ørnulf Lillestøl |

| | |
|--------------------|---------------------|
| Arkiv: N-016, N-40 | Arkivsaknr.: 12/137 |
|--------------------|---------------------|

SAK 028/12 - PROSJEKT HELSEHUS I NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. På bakgrunn av innhald i dokumentet og tilråding frå Helseutvalet sluttar Masfjorden kommune seg til ei vidareføring av utgreiingsarbeidet når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland. Masfjorden kommune er førebels usikker på kva type tenester og omfang av desse som er aktuell å samarbeide om.
2. Masfjorden kommune har tatt til etterretting at lokalisering av helsehus vert i Knarvik, og sluttar seg til dette forslaget. (kap 10.2)
3. Masfjorden kommune sluttar seg til forslag om at Nordhordland Utviklingselskap IKS får i oppdrag å vidareføre prosessen der innhald, bygg, finansiering og organisering vert nærare utgreidd.
4. Masfjorden kommune sluttar seg til mandatet styrings- og arbeidsgruppa har i dette arbeidet (vedtatt mandat vedlagt)

Finansiering

Heimel

FS-027/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. På bakgrunn av innhald i dokumentet og tilråding frå Helseutvalet sluttar Masfjorden kommune seg til ei vidareføring av utgreiingsarbeidet når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland. Masfjorden kommune er førebels usikker på kva type tenester og omfang av desse som er aktuell å samarbeide om.
2. Masfjorden kommune har tatt til etterretting at lokalisering av helsehus vert i Knarvik, og sluttar seg til dette forslaget. (kap 10.2)
3. Masfjorden kommune sluttar seg til forslag om at Nordhordland Utviklingselskap IKS får i oppdrag å vidareføre prosessen der innhald, bygg, finansiering og organisering vert nærare utgreidd.
4. Masfjorden kommune sluttar seg til mandatet styrings- og arbeidsgruppa har i dette arbeidet (vedtatt mandat vedlagt)

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte.

Saka vart grundig drøfta.

Formannskapet konkluderte med at dette må drøftast i eit felles formannskapsmøte med Gulen.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-028/12 VEDTAK:

- 1. På bakgrunn av innhald i dokumentet og tilråding frå Helseutvalet sluttar Masfjorden kommune seg til ei vidareføring av utgreiingsarbeidet når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland. Masfjorden kommune er førebels usikker på kva type tenester og omfang av desse som er aktuell å samarbeide om.**
- 2. Masfjorden kommune har tatt til etterretting at lokalisering av helsehus vert i Knarvik, og sluttar seg til dette forslaget. (kap 10.2)**
- 3. Masfjorden kommune sluttar seg til forslag om at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å vidareføre prosessen der innhald, bygg, finansiering og organisering vert nærare utgreidd.**
- 4. Masfjorden kommune sluttar seg til mandatet styrings- og arbeidsgruppa har i dette arbeidet (vedtatt mandat vedlagt)**

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte. Konsulentrapporten som ligg føre er resultat av eit mangeårig prosjekt. Ein er no i ein prosess og ein må vera bevisst at det er nyanseforskjellar kommunane i mellom. Det er åpenbart at vi vil ha nytte av ei samlokalisering av helsetenestene i Knarvik. Dette gjeld spesielt for spesialisthelsetenester, avtalespesialistar og legevakt. Utover desse tenestene vil vi trenge litt tid til å greie ut kost/nytte for Masfjorden sin del.

Ordførar Karstein Totland orienterte frå møte i Nordhordlandstinget 28.03.12 der formannskapet i kommunane møter. Saka om helsehuset var ei av sakene som vart drøfta der. Karstein Totland sa at regionen har bede om å få eit likelydande vedtak frå kommunane.

Saka vart grundig drøfta.

Det var spesielt pkt 1 i framlegget som om kva tenester det er aktuelt for Masfjorden kommune å samarbeida om som skapte diskusjon.

Marit Steinestø, KrF, sa at det er viktig at spesialhelsetenesta kjem til Knarvik.

Legevaktsentral vil og vera ein sentral ting å få inn i eit helsehus.

Marit sa at ho er usikker på siste setning i pkt. 1 og vurderte endringsframlegg på det.

Tove Kristin S. Tistel, V, sa at det er legevaktsenesta som er viktig og me kanskje kan få den tilbake til kommunen.

Ordførar Karstein Totland sa at han ynskte at eit samla kommunestyret sto bak når han som medlem i helseutvalet skal forhandlinga vidare.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

SAKSTILFANG:

Vedlegg i saka:

| Nr | T | Brevdato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|--|-------------------------------------|
| 1 | I | 06.03.2012 | Anne Hildegunn Regionrådet Nordhordland IKS v/Færøy | Forprosjekt Helsehus i Nordhordland |

- Vedlegg 1: Vedtak frå Regionrådet om felles saksgrunnlag til kommunane
- Vedlegg 2: «Forprosjekt Helsehus i Nordhordland» - notat frå arbeidsgruppa
- Vedlegg 3: Utgreiing Helsehus frå Deloitte
- Vedlegg 4: Mandat – arbeidsgruppe Lokalmedisinsk senter

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Samlokalisering av lokalmedisinske tenester i eit Helsehus

Samarbeid mellom kommunane i Nordhordland og Gulen når det gjeld Samhandlingsreforma er formalisert og forankra i den enkelte kommune. Kommunestyra har gjort politisk vedtak om å samarbeide for å utrede kva behov kommunane har for framtidige tenester. (Febr./mars 2010)

For å utvikle gode tenester til befolkninga i Nordhordland er det naudsynt med eit forpliktande og systematisk samarbeid mellom det kommunale tenestetilbod og tilbod som vert gitt frå spesialisthelsetenesta. Frå sentrale styresmakter si side er dette ein vesentleg premis for å sikre fagleg gode tenester.

I Nordhordland har vi lang erfaring i å finne fram til gode løysingar til beste for dei det gjeld. Dette vert mellom anna gjenspegla i dei felles samarbeidsprosjekt som no er i gang. Slik sett ligg det godt til rette for å lukkast med samhandlingsreforma. Realiseringa av eit Helsehus er ei vesentleg premis for å strukturere samarbeidet ytterlegare.

FAKTA

Kommunane i Nordhordland og Gulen har gjeve Regionrådet i Nordhordland i oppdrag å utarbeide grunnlag for å gjere vedtak om det skal etablerast Distriktsmedisinsk senter (DMS) i Nordhordland.

Styret i Regionrådet har gitt Helseutvalet i Nordhordland i oppdrag å vurdere omfang og innhald i konseptet "Nordhordland Distriktsmedisinske Senter" i samarbeid med Haraldsplass Diakonale Sykehus og Helse Bergen.

I tråd med nasjonale retningslinjer og føringar i samhandlingsreforma er omgrepet Distriktsmedisinsk senter endra til samlokalisering av lokalmedisinske tenester. Samtidig har Helse Bergen komme med ønske om å samlokalisere sine tenester innan psykisk helse i regionen.

Ei samlokalisering av medisinske tenester og tenester innan psykisk helse er lagt til grunn for bruk av omgrepet Helsehus.

Helseutvalet er styringsgruppe i dette arbeidet og rapporterer til Regionrådet.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå administrativ, politisk og fagleg hald i kommunane og med ressurspersonar i spesialisthelsetenesta. Arbeidsgruppa har i perioden 9. september til 1. desember 2011 gjennomført fem arbeidsmøte.

Det er utarbeidd eit arbeidsnotat som presenterer ei foreløpig tilråding til Helseutvalet når det gjeld realisering og etablering av eit framtidig Helsehus/Lokalmedisinsk senter i Nordhordland ut frå ulike modellar for organisering og nivå på helsetenestene.

Helseutvalet har fått presentert innhald i arbeidsnotatet og ber om at dokumentet vert sendt til kommunane som meldingssak til orientering, drøfting og tilslutting.

Styrings- og arbeidsgruppa er kjent med at Gulen og Osterøy kommune ikkje er med i legevaktsamarbeidet. Ein er også kjent med at Osterøy kommune ikkje har distriktpsikiatriske tenester i Bjørgvin DPS avd. Manger og at Gulen ikkje har lokalsjukehustenester i Helse Bergen sitt føretaksområde. Dette fører til at Gulen og Osterøy er i ei særstilling når det gjeld bruk av tenester lokalisert i eit regionalt helsehus, men at tilslutting om eit samarbeid om etablering av eit helsehus kan vere retningsgjevande for det framtidige helsesamarbeidet i regionen.

Vurdering

Helseutvalet har bedt om at det vert utarbeidd eit felles saksgrunnlag til kommunane med forslag til:

Vedtaksdel:

Det skal utarbeidast forslag til;

- intensjonsvedtak der kommunane sluttar seg til eit utgreiingsarbeid når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland.
- vedtak om lokalisering.
- vedtak om intensjon om langvarig forpliktande samarbeid.

Prosessdel:

Det skal utarbeidast forslag til;

- vedtak som gir Nordhordland Utviklingsselskap IKS (tidlegare Regionrådet) i oppdrag å vidareføre prosessen der innhald, bygg, finansiering og organisering vert nærare utgreidd
- kommunal tilslutting til mandat som gruppa arbeider etter. (vedtatt mandat vedlagt)

Kommunestyret sin gjennomgang av dokumentet –

”Forprosjekt Helsehus i Nordhordland - Arbeidsnotat frå arbeidsgruppa”

Det er viktig å presisere at dette er eit arbeidsdokument utarbeidd på grunnlag av gruppa sitt arbeid så langt, og at endeleg rapport frå gruppa skal vere ferdig til 01.juli 2012.

Prosjektet vil bli presentert i Nordhordlandstinget 27.mars, der formannskapa i alle kommunane er invitert.

I samband med gjennomgang av dokumentet ber vi kommunane drøfte innhald opp mot nokre spørsmål og påstandar ved interkommunalt samarbeid og samlokalisering av tenester;

1. Vil kommunestyret komme med forslag til alternativ lokalisering av Helsehuset?
2. Trur kommunen at presset i framtida vil bli likt, eller mindre for å ta i mot pasientar med komplekse diagnoser (utskrivingsklare pasientar med behov for kommunale helse og omsorgstenester)?
Vil prosjekt i eigen kommune, planlagt utbygging av institusjonsplassar, samt tilgang på kompetanse i eigen kommune dekke framtidige behov?

Kommunestyret i Masfjorden har tidlegare tilrådd å delta i utgreiingsprosessar for å kartlegge samarbeidspotensiale i regionen. Kommunestyret har vore tydeleg på at det ikkje må nyttast pengar eller startas prosessar der ein bind kommunen til å nytte ressursar utan at dette er spesifikt avklart med kommunestyret.

I interne diskusjonar i administrasjonen og med leiarane innan helse, er omfanget av tenester vi har ambisjon eller intensjon om å handtere lokalt drøfta. Vi er førebels usikker på kva omfang og type tenester vi treng kjøpe frå eit regionalt Helsehus.

KONKLUSJON

1. På bakgrunn av innhald i dokumentet og tilråding frå Helseutvalet sluttar Masfjorden kommune seg til ei vidareføring av utgreiingsarbeidet når det gjeld realisering av eit Helsehus i Nordhordland. Masfjorden kommune er førebels usikker på kva type tenester og omfang av desse som er aktuell å samarbeide om.
2. Masfjorden kommune har tatt til etterretting at lokalisering av helsehus vert i Knarvik, og sluttar seg til dette forslaget. (kap 10.2)
3. Masfjorden kommune sluttar seg til forslag om at Nordhordland Utviklingselskap IKS får i oppdrag å vidareføre prosessen der innhald, bygg, finansiering og organisering vert nærare utgreidd.
4. Masfjorden kommune sluttar seg til mandatet styrings- og arbeidsgruppa har i dette arbeidet (vedtatt mandat vedlagt)

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|----------------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 033/12 | Svein Helge Hofslundsengen |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 029/12 | Svein Helge Hofslundsengen |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-317 | Arkivsaknr.: 11/737 |
|--------------|---------------------|

SAK 029/12 - BUSTADPROSJEKT EINEKAVANE PÅ MATRE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Masfjorden kommune forpliktar seg til å bidra til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11.

Det vert arbeid vidare med løysingsalternativ for kommunal del, ut i frå den opninga ein har fått i høve til å bli fristilt til løysing og minimalisering av netto kostnader for kommunal medverknad.

FS-033/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune forpliktar seg til å bidra til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11.

Det vert arbeid vidare med løysingsalternativ for kommunal del, ut i frå den opninga ein har fått i høve til å bli fristilt til løysing og minimalisering av netto kostnader for kommunal medverknad.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Frode Langhelle sa seg ugild i saka sidan han er tilsett i BKK som er ein av partane i saka. Grunngeving for dette er at han er potensiell leigetakar mellom MK, HI og BKK. Føler at det er vanskeleg å sitja på begge sider av bordet.

Rådmannen sa at det som skal vedtakast i dag er om ein skal gå vidare med dialog med Stordalen tomteselskap og kan ikkje sjå at Langhelle er ugild av formelle grunnar, men at det var opp til formannskapet å avgjere.

Formannskapet røysta over om Langhelle er ugild.
Det vart samrøystes vedteke at Langhelle var ugild.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om møte med Stordalen tomteselskap og endringar sidan sist saka var oppe i formannskapet.

Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V, sa at han såg det som viktig å ha kostnader med i vedtaket.

Arthur Sjursen, Ap, sa at det er viktig å få til eit estetisk fint bygg som harmonerer med resten av bustadane på Matre.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg.

KS-029/12 VEDTAK :

Masfjorden kommune forpliktar seg til å bidra til bustadprosjekt Einekavane, Matre - med inntil 4 bueiningar, for å sikre at dette prosjektet vert realisert jf. KS 38/11.

Det vert arbeid vidare med løysingsalternativ for kommunal del, ut i frå den opninga ein har fått i høve til å bli fristilt til løysing og minimalisering av netto kostnader for kommunal medverknad.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Han sa at kommunen vil prøve å henta inn statlege midlar, og har sendt søknad til Husbanken, (jf. sakspapir til formannskapet 20.03.12 – skriv og meldingar), her er det mange søkjarar, og få kjem inn under ordninga. Ein arbeider og med andre alternative finansieringsformer for den kommunale delen av prosjektet – men mykje er førebels usikkert. Innstillinga er i tråd med tidlegare kommunestyrevedtak kring medverknad i bustadprosjektet.

Saka vart grundig drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Masfjorden kommune har dei seinare åra vore med på ulike bustadprosjekt og spurde om kommunen har høve til å gje kommunal garanti i eit slikt prosjekt?

Ho spurde og om kor lenge ein bind seg opp til avtalen.

Endringsframlegg frå SP.

Avsnitt 1 i rådmannen sitt framlegg går ut.

Nytt framlegg:

Masfjorden kommune vil gjennom bruk av kraftfondet medverka til fleire utleigebustader på Matre.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at ein ikkje bind seg opp til 20 år slik sto i vedtaket frå formannskapet 30.11.11. Han sa at finansieringa førebels er usikker.

John Torsvik, H, er positiv til at kommunen går inn og støttar opp om det private initiativ.

Arthur Sjursen, Ap, ynskjer at prosjektet skal bli ein realitet. Ber om at bygget blir meir estetisk utforma.

Wenke Ekren, H, opplyste om at Matre næringshage planlegg å bygga næringsbygg på Matre der det og er tenkt bueinheiter som BKK kan nytta i anleggsperioden. Ho var usikker på om dette var same sak.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at desse sakene ikkje hadde noko med ein annan å gjera.

Egil Kvingedal spurde no om permisjon frå møtet. (kl. 18.00)

Ordførar Karstein Totland sa at det var i orden.

Saka vart drøfta vidare.

Fleire gav uttrykk for at dei støtta tilrådinga frå formannskapet, medan andre prøvde å finna ei litt anna formulering i 1. avsnitt i vedtaket i staden for ordet forplikta.

Willy Borge, Frp, sette fram slikt endringsframlegg:

Masfjorden kommune går i vidare forhandlingar om bustadprosjekt Einekavane

Matre for å få realisert prosjektet.

Saka skal tilbake til kommunestyret for endeleg avgjerd.

2. avsnitt som i formannskapet si tilråding.

Det var no 15 representantar tilstades før røysting.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Sp sitt endringsframlegg.

Sp sitt framlegg fall med to røyster . (SP)

Det vart så røysta over pkt 1 i formannskapet si tilråding mot Frp sitt framlegg.

Formannskapet sitt framlegg til pkt 1 vart vedteke med 11 røyster mot 4 røyster.

(Frp og Sp)

Pkt 2 i formannskapet si tilråding vart vedteke med 13 mot 2 røyster. (SP)

Vigdis Søvik opplyste etter avrøystinga om at ho vil ta saka opp i kontrollutvalet for vurdering av lovlegheita i dette vedtaket. Dette med grunngjeving i høve kommunelova om å gå inn i private prosjekt med kommunale midlar.

Til formannskapet den 30.11.2011:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til bustadprosjekt Einekavane på Matre, slik vilkåra for realisering av bustadprosjektet på Einekavane framstår for den kommunale medverknaden med berekna husleige pr. måned: for 3-roms på 8.800.-, og hovudelement leigekontrakt elles med 20 års leigetid, leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald, Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskningsinstituttet. Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen, vil ein ikkje tilrå at kommunen sluttar seg til prosjektet.
2. Vilkår sett i Kommunestyrevedtak sak 38/11 pkt. 5 inneber at det er stor differanse mellom leigesatsar i tomteselskapet og kommunale leigevilkår, og kommunen må dekke mellomlegget over drifta.
3. Masfjorden kommune er interessert i vidare dialog med sikte på å få realisert utleigebygg på Matre, men då med mindre risiko og bindingar, og kor Stordalen Tomteselskap bør ta sin del av risikoen for prosjektet.

Finansiering**Heimel****KS-038/11 VEDTAK:**

5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.

FS-095/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til bustadprosjekt Einekavane på Matre slik det framstår i dag. Grunnen er slik vilkåra for realisering av bustadprosjektet på Einekavane framstår for den kommunale medverknaden med berekna husleige pr. måned: for 3-roms på 8.800.-, og hovudelement leigekontrakt elles med 20 års leigetid, leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald. Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskningsinstituttet. Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen, vil ein ikkje tilrå at kommunen sluttar seg til prosjektet.
2. Vilkår sett i Kommunestyrevedtak sak 38/11 pkt. 5 inneber at det er stor differanse mellom leigesatsar i tomteselskapet og kommunale leigevilkår, og kommunen må dekke mellomlegget over drifta.
3. Masfjorden kommune er interessert i vidare dialog med sikte på å få realisert utleigebygg på Matre, men då med mindre risiko og bindingar, og kor Stordalen Tomteselskap bør ta sin del av risikoen for prosjektet.

Pga av at det trengs tid til vidare forhandlingar og avklaring med dei andre aktørane, kjem saka til handsaming i første kommunestyre i midten av januar 2012.

Finansiering

Heimel

KS-038/11 VEDTAK:

- 5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Vilkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.*

Det skjedde i Formannskapet den 30.11.2011:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka grundig og var i utgangspunktet positive til bustadprosjektet på Einekavane og samarbeid med private aktørar, då det er behov for fleire bustader på Matre framover. Dette sett i lys av at BKK startar sin anleggsperiode frå 2012 og at Havforskningsinstituttet som er ein stor arbeidsplass på Matre og har trong for fleire utleigebustader.

Ordførar Karstein Totland, H, sette fram eit endringsframlegg frå Høgre.

Etter drøfting konkluderte formannskapet med at slik prosjektet framstår i dag er det for dyrt for kommunen og ein må prøva med vidare forhandling om vilkåra.

Formannskapet var samde om at dei vil gå for rådmannen sitt framlegg med ei lita endring i første setning slik:

Pkt 1. setning:

Masfjorden kommune sluttar seg ikkje til bustadprosjekt Einekavane på Matre slik det framstår i dag.

Pkt 3: Tilføyning i siste avsnitt:

Pga av at det trengs tid til vidare forhandlingar og avklaring med dei andre aktørane, kjem saka til handsaming i første kommunestyre i midten av januar 2012.

Etter drøfting trekte Karstein Totland framlegget frå Høgre.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringa i første setning vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|--|--|
| 1 | I | 17.11.2011 | Bjørnar Vik | Prosjekt Einekavane - referat mm |
| 2 | I | 17.11.2011 | Bjørnar Vik | Prosjekt Einekavane- referat møte 17.06.11. |
| 4 | I | 02.12.2011 | Havbruksstasjonen v/Øyvind Torslett | Boliger i Masfjorden |

SAKSUTGREIING:

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Saksutgreiing:

Med bakgrunn i pkt. 3 i vedtaket formannskapssak 95/11

Masfjorden kommune er interessert i vidare dialog med sikte på å få realisert utleigebygg på Matre, men då med mindre risiko og bindingar, og kor Stordalen Tomteselskap bør ta sin del av risikoen for prosjektet.

Pga av at det trengs tid til vidare forhandlingar og avklaring med dei andre aktørane, kjem saka til handsaming i første kommunestyre i midten av januar 2012.

har det vorte arbeidd vidare med saka og grunnlaget for kommunal medverknad. I dialogen med tomteselskapet har dei vore veldig opne for å komme kommunen sine ønskjer i møte, ved at ein ser på om at den kommunale delen vert skilt ut frå totalprosjektet, eller at kommunen går inn som deleigar - kor det første alternativet er mest realistisk.

Vurdering:

Ein har ikkje konkludert på kva som er beste løysing for kommunen enno, og det tek tid å få gjort avklaring mellom aktørane og statlege myndigheiter. Det viktigaste med prosjektet er å stetta behovet som HI har på lang sikt, og forventeleg BKK - og sanering av eksisterande bustadmase. Prosjektet vil ikkje tilføre så mange netto nye bueiningar. Kommunen har mulegheiter til å få statstøtte til bustadprosjekt, og oppnår betre lånevilkår enn private, slik at nettokostnaden til kommunen vert vesentleg lågare i eigenregi, enn gjennom private aktørar. Dette er eit paradoks i høve til ønskje om å få private aktørar inn på bustadområde i større grad. Tiltak i eigenregi vil true låneramma i investeringsbudsjettet i økonomiplan. Ein reknar med at private kan ha interesse for å kjøpe seg inn i bustadprosjektet, og at dette vert opna for i den kommunale medverknaden - som har vore 4 gjennom prosessen og heimla i Kommunestyrevedtak;

KS-038/11 VEDTAK:

5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueiningar. Villkåret er at desse 4 bueiningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.

Vurdering av husleigesatsane til kommunen, viser at kommunen subsidiera husleigene mykje, og at ein ligg langt unna sjølvkost. Fordelen i kommunal regi er langt betre rentevilkår enn private aktørar (status pr. dato utgjær 2,75% rente kommune, medan privat nok passerer 6%). men erfaringane viser at kommunen sett for lite av til løpande vedlikehald og til indirekte kostnader - samt at kommunen dekkjer kommunale avgifter.

Saka i november var basert på at føresetnadene i KS 38/11 skulle gje sjølvkost. Gjennomgang av kommunale husleigesatsar i ettertid viser at ein ligg langt unna sjølvkost. Prosjektet i regi av tomteselskapet er nøkternt, og tek høgde for reelle kostnader - einaste er rentekostnaden. Tomteselskapet vurderer å opprette eit eige selskap for bustadprosjektet, og om det er muleg å få til ei selskapsdanning kor kommunen går inn på eigarsida, og sikrar tilgang på kommunale lånevilkår, ville det ha vore gunstig for prosjektet. Kommunen har for mange år sidan sett av 200.000 til bustadstifting (som ikkje er nytta), og som kan omgjerast til selskapskapital.

Dersom det er nødvendig for å sikre realisering av prosjektet at kommunen må ta ansvar for 4 av bueiningane i ein eller annan form (utover alternativet med garantera for utleige), jf. KS 38/11, vil ein tilrå dette, og arbeide for ein best muleg løysing for kommunen.

- eigenregi: 1) kjøp med eigne midlar og/eller kombinert med statsstøtte og lån (2)
 2) selje bueiningar til private av kommunen sin garantikvote på 4 einingar (2)
- fellesskap: 1) inn på eigarsida - redusere kapitalkostnadene, rente
 2) 1-2 bueiningar på leigebasis om sal ikkje lukkast
 3) eit radikalt forslag om føresetnadene elles ikkje slår til, stå for bustadprosjektet i eigenregi for dei garantiar HI/BKK seier seg villig til overfor tomteselskapet.

Det har teke lang tid for nokre av aktørane å ta stilling til prosjektet etter at det har vore ute på anbod, og prosjektet er klart til iverstjing. Ein må i første omgang ta stilling til om ein ønskjer å bidra til prosjektet eller ikkje. Tilrår difor at ein står ved tidlegare signal, men at ein framleis må arbeide seg fram til konkrete løysingar.

BAKGRUNN

Kommunen har hatt som hovudmål å auka folketalet. At innflyttarar finn ein tenleg utleigebustad slik at dei kan trivast og velja å byggja og bu her, er viktig. Det har over tid vore dialog mellom kommunen, Havforskingsinstituttet, BKK og moglege andre interessentar – m.a. vurdering og vedtak kring skiping av bustadstifting, alternative løysingar, men denne dialogen har førebels ikkje ført fram til endeleg resultat. Aktuelle prosjekt på Einekavane har 4 partar arbeid med ei tid, og prosjektet er komme så langt at det har vore på anbod, og det meste av forarbeidet er gjennomført. Rammeløyve frå kommunen si side er heimla i

KS-038/11 VEDTAK:

- 5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueningar. Vilkåret er at desse 4 bueningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.***

FAKTA

Referat MØTE 28.09.11

Desse møtte:

BKK: Frode Langhelle

Masfjorden kommune: Svein Helge Hofslundsengen

Havforskingsinstituttet: Øyvind Torslett, Bjørn Egil Nordland, Torfinn Aga

Stordalen Tomteselskap AS: Steinar Østerbø, Bjørnar Vik

Sidan møtet 17.06.11 har ST fått utarbeidd teikningar for bygget, samt innhenta tilbod for oppføring komplett bygg. Teikningane vart presentert, med oversikt byggekostnader, beskrivelse romprogram, og berekna leige. Byggekostnad inkludert tomtarbeid blir 16.000.000.-

Byggetid vil vere inntil 12 månader.

Teikningar og dokument presentert i møtet er vedlagt dette referatet.

Det vart diskusjon omkring detaljar bygg, samt en del omkring leigenivå.

Partane var samde om at framlagt materiell var eit godt utgangspunkt for intern vurdering frå leigetakarane si side.

Leigetakarane tilbakemeldar innan 30. oktober om alle partar framleis er med i prosjektet. Frå BKK si side er det frå før meldt at alle 3 partane må vere med, utan dette vil BKK vurdere å løyse sine eigne behov.

Etter tilbakemelding 30.oktober vil ST kalle inn til eit nytt møte, der vi har som mål å bli samde om leigekontraktar.

Om avtale blir inngått, kan rydding tomt skje i vinter, og byggearbeidet startast opp så snart snøen er borte etter nyttår.

Hovedpunkt:Beskrivelse av bygget:

1. etasje:

2 stk 3-roms a 66,8 m²3 stk 2-roms med areal 56,8 m², 50,8 m², og 50,7 m².4 hyblar a 21,8 m²

2. etasje:

2 stk 3-roms a 57,7 m²3 stk 2-roms med areal 49,0 m², 43,4 m², og 43,4 m².3 hyblar a 18,8 m².

1 rom for felles vask / tørk

10 stk boder a 5 m² i 2 stk frittstående bygningarUniversell utforming: dette er gjort gjeldande for 1. etasje, ikkje for 2. etasje. (iht forskrifter)Bebygd areal:1. etasje: 439 m² BTA2. etasje: 382 m² BTABoder: 64 m² BTAOppvarming / ventilasjon: Separate varmepumper, balansert ventilasjon
Leiligheitene blir utstyrt med kjøkken / kvitevarer, og ferdig utstyrte badByggekostnad: 16.000.000.-Berekna husleiger pr. måned:

3-roms: 9.800.-

2-roms: 8.700.-

Hyblar: 4.785.-

Hovudelement leigekontrakt:**20 års leigetid****Leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald****Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskningsinstituttet.****Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen**

Etter dialog med Stordalen tomteselskap kring prosjektet den 17.11.2011, fekk ein denne e-post → Vi har etter ny runde senka prisen for 3-roms til 8.800.-. Det er kommunen som er tiltenkt alle 4 3-roms.

VURDERING

Rådmannen meiner at det er behov for fleire utleigebustader i alle deler av kommunen. Utfordringa framover er å få næringslivet og private til å interessera seg for å etablera utleigebustader. Kommunen bør vera positive til å samarbeida med private/næringsliv om slike prosjekt. Slik den økonomiske framtidsutsiktene for kommunen ser ut, er det ikkje mogleg å halda fram med store investeringar i utleigebustader. Kommunen har ein betydeleg kapital bunden til eksisterande kommunale bustadmasse. Ikkje alle bueningar som kommunen disponerer er like tenlege i dag. Det er derfor viktig å vurdere eigedommane og selja dei bustadene ein ikkje kan nytta effektivt ut frå behova i dag. Slik kan ein kan få handlingsrom til å etablera bustader som er tenlege for målgruppene som vedtektene prioriterar.

Masfjorden kommune har hatt som mål å auka folketalet, og for å lukkast med dette må det etablerast fleire bustader i kommunen. Bustadsituasjonen på Matre er vanskeleg. BKK har no selt dei fleste husa sine, og mangelen på utleigebustader hindrar tilflytting. Dei kommunale husværa har hyst mange unge masfjordingar i den perioden dei har bygd eigne hus. Bustadsituasjonen kan bli vanskelegare når anleggsperioden som BKK skal ha frå 2012-2015 startar. Me har arbeidd med bustadstifting, og med bygging av utleigebustader i eit samarbeid med BKK og Statsbygg, førebels utan resultat. Statsbygg skrinla sine planar om å byggja utleigebustader på Matre. Det er no kome eit nytt initiativ frå private, lokale næringsinteresser som vil vurdere å byggja utleigebustader på Matre. Kommunen bør medverka positivt til dette, saman med BKK og HI. Dersom det lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 husvære, slik intensjonen var i det planlagde samarbeidet med Statsbygg.

KS-038/11 VEDTAK:

- 5. Masfjorden kommune vil medverka til fleire utleigebustader på Matre. Dersom det gjennom samarbeid med bedrifter og private investorar lukkast å realisera eit slikt prosjekt, kan kommunen garantera for leiga på 4 bueningar. Vilåret er at desse 4 bueningane må leigast ut i tråd med vedtektene for kommunale bustader.***

Ut i frå Kommunestyrevedtak sak 38/11 og tilbod Stordalen Tomteselskap, sist justert 17.11.2011

Berekna husleiger pr. måned:

3-roms: 8.800.-

Hovudelement leigekontrakt:

20 års leigetid

Leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald

Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskningsinstituttet.

Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen

vil kommunen måtte ta på seg store forpliktinga, og binde opp kapital (8,6 mill.kr i 2011 kr.), og må subsidiere husleigene mykje.

| | | m2 | | leige etter | husleige | |
|---------------------------|---|------|------|------------------|----------|--------------|
| | | | | kommunale vilkår | ST | udekka |
| Matre - Einekavane | 2 | 57,7 | 2012 | 3 196 | 8800 | 5 604 |
| Matre - Einekavane | 2 | 66,8 | 2012 | 3 700 | 8800 | 5 100 |

Ut i frå det areal bustadmasse tiltenkt kommunen utgjør inkl. 4 boder tilseier ei investering på 5,9 mill.kr. Siste erfaringstal frå kommunen si side er oppføring av utleigebygg Sandnes, kor byggekostnaden var betydeleg lågare.

Erfaring kring arbeid med dette bustadprosjektet på Einekavane, Matre avdekkar at kommunen sine husleiger er alt for lågt sett i forhold til kommunen sine totalkostnader med tomt, bygg, vedlikehald, kapitalkostnader, kommunale leigesatsar og inkl. kommunale avgifter og utgifter NGIR og at situasjonen inneber at kommunen subsidierer husleigene mykje. Stordalen tomteselskap har redusert leige frå 9.800 til 8.800,-, men ein meiner at kostnadene og forpliktingane vert for store til ein vil tilrå at kommunen går inn på prosjektet slik det føreligg pr. i dag. Akseptabelt nivå vil liggje nær midt i mellom husleige som Stordalen Tomteselskap legg opp til og det kommunen tek inn i dag. Innafor slike vilkår vil ein kunne tilrå medverknad i prosjektet. Nivå på dei kommunale husleigene øydelegger marknaden for private aktørar, og leigesatsane bør justerast i kombinasjon med at fleire kommunale bustadar vert selde.

KONKLUSJON

Slik vilkåra for realisering av bustadprosjektet på Einekavane, framstår for den kommunale medverknaden med berekna husleige pr. måned: for 3-roms på 8.800,-, og hovudelement leigekontrakt elles med 20 års leigetid, leigetakar har ansvar for innvendig vedlikehald, utleigar ansvar for utvendig vedlikehald, Utleigar har kontrakt direkte med aktørane BKK, kommunen og Havforskingsinstituttet. Kontrakten justerast årleg med 70% av konsumprisindeksen, vil ein ikkje tilrå at kommunen sluttar seg til prosjektet.

Masfjorden kommune er interessert i vidare dialog med sikte på å få realisert utleigebygg på Matre, men då med mindre risiko og bindingar, og kor Stordalen Tomteselskap bør ta sin del av risikoen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|---------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 034/12 | Anne Kristin Rafoss |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 030/12 | Anne Kristin Rafoss |

| | |
|---------------------|---------------------|
| Arkiv: N-540, N-546 | Arkivsaknr.: 11/826 |
|---------------------|---------------------|

SAK 030/12 - MATRE VASSVERK - GJENOPPSTART AV ARBEIDET MED MATRE VASSVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Forlik av 19.3.2012 med BKK vert godkjent
2. Arbeidet med Matre vassverk vert sett i gong att, og resterande arbeid utgjer kostnad 4,5 mill.kr. netto, og vert innarbeidd i 2012 budsjettet med 2,5 mill.kr. i tilskot og 2 mill.kr. eigenkapital/fond.

Finansiering

Budsjettjustering i balanse

Heimel

Økonomireglement, KS 107/10 etc.

FS-034/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Forlik av 19.3.2012 med BKK vert godkjent
2. Arbeidet med Matre vassverk vert sett i gong att, og resterande arbeid utgjer kostnad 4,5 mill.kr. netto, og vert innarbeidd i 2012 budsjettet med 2,5 mill.kr. i tilskot og 2 mill.kr. eigenkapital/fond.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Frode Langhelle sa seg ugild i denne saka sidan han er tilsett i BKK,.

Formannskapet vedtok at Langhelle var ugild.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om forliket med BKK i møte 19.03.12.

Hofslundsengen sa at finansieringa er på plass og ligg inne i økonomiplanen, men etter nye føresegner må tiltaket inn i budsjettet for 2012. Det er no viktig å få prosjektet i verksett så snart som mogleg.

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta forliket med BKK.

KS-030/12 VEDTAK:

1. Forlik av 19.3.2012 med BKK vert godkjent.
2. Arbeidet med Matre vassverk vert sett i gong att, og resterande arbeid utgjer kostnad 4,5 mill.kr. netto, og vert innarbeidd i 2012 budsjettet med 2,5 mill.kr. i tilskot og 2 mill.kr. eigenkapital/fond.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Arthur Sjursen, Ap, sa administrasjonen har gjort ein god jobb i denne saka og ba kommunestyret støtta vedtaket.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

SAKSTILFANG:

| Nr | T | Brevdato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|-------------------------------------|--|
| 1 | I | 21.10.2011 | BKK produksjon v/ Per Vidar Halsnes | Matre Vassverk - tilbakemelding etter møte 07.10.2011 |
| 2 | U | 21.10.2011 | BKK produksjon v/ Per Vidar Halsnes | Førebels svar frå Masfjorden kommune når det gjeld Matre Vassverk og BKK si tilbakemelding etter møte 07.10.2011 |
| 3 | I | 21.12.2011 | BKK AS | Matre vassverk - krav om at BKK dekker halvparten av kostnadene til nytt renseanlegg |
| 4 | I | 03.02.2012 | Komnæs&Sætre Ans Wesenberg | Matre Vassverk, varsel om krev etter tvisteloven § 5-2 |
| 6 | I | 15.02.2012 | Advokatfirmaet Thommessen AS | Matre vassverk - tilsvar til varsel om krav etter tvistelovens § 5-2 |
| 5 | N | 21.02.2012 | Adv. Gunnar Sætre | Ad Matre vassverk - BKK AS |

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det skjedde i Formannskapet den 18.10.2011:

Orienteringar ved rådmann Svein Helge Hofslundsengen:

- Matre vassverk, orientering kring møte mellom BKK og kommunen kring finansiering. Krav om 50% medfinansiering frå BKK side, elles sterke reaksjon 21.10 – tilbakeføring og heving av kjøp/avtale

11/826

«Sdo_Tittel»

Masfjorden kommune viser til e-post frå dykk 21.10.2011. (heimla i formannskapet same dag)

Masfjorden kommune varslar med dette at ein, basert på føresetnadane i avtalen dagsett 10.02.2006 om lik deling av kostnader for oppgradering av Matre vassverk, vurderer BKK sin e-post som brot på avtalen. Masfjorden kommune startar difor umiddelbart ein prosess for heving av nemnde avtale og stoppar alt vidare arbeid med utbetring av vassverket frå og med i dag.

Alt vidare arbeid med vassverket vert stoppa

FAKTA

Investeringsiltaket er heimla med eiga sak + som del av 2011 budsjettet, og K-sak 107/10.

2. Investeringsbudsjettet for 2011 vert sett til kr. 21,6 mill.kr. (tal i tabell i 1000)

| Kostnad og finansiering | | | | |
|----------------------------------|----------|---------|---------|-------|
| Prosjekt | 2011 | | | |
| | Budsjett | Fond/EK | Tilskot | Lån |
| KLP eigenkap.innskot | 250 | 250 | 0 | 0 |
| IKT/felles | 500 | 0 | 0 | 500 |
| IKT/felles – forskyvd frå 2010 | 500 | 500 | 0 | 0 |
| Opprusting komm.bygg | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale vegar | 500 | 500 | 0 | 0 |
| Kommunale vegar – utover øk.plan | 2 233 | 533 | 0 | 1 700 |
| Vassforsyning | 500 | 500 | 0 | 0 |
| Avlaup | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bustadfelt | 500 | 500 | 0 | 0 |
| Grunnerverv fleirbrukshall | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utleigebustadar Sandnes | 2 300 | 2 300 | 0 | 0 |
| Matre symjebasseng | 7 800 | 2 400 | 2 600 | 2 800 |
| Matre vassverk | 6 500 | 500 | 2 000 | 4 000 |
| Bustadfelt – molo Matre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 21 583 | 7 983 | 4 600 | 9 000 |

Ein del kostnader er teke i 2011 rekneskapen (850.000) + tidlegare år.

Brutto kostnad knappe 7 mill.kr. – og kommunen hadde håp om 3,5 mill.kr. tilskot frå BKK
 Prosess og dialog med BKK frå hausten og fram til forlik 19.3.2012 - oppnådd 2,5 mill.kr.
 Ein tilrår at forlik vert godkjent.

Arbeidet med Matre vassverk vert iverksett og totalkostnad 4,5 mill.kr. vert innarbeidd i 2012 budsjettet. Finansiering 2,5 mill.kr. frå BKK

Innarbeiding av tiltaket i 2012 budsjettet

Saka vart fremma i møtet.

KONKLUSJON

Forlik av 19.3.2012 med BKK vert godkjent.

Arbeidet med Matre vassverk vert sett i gong att, og resterande arbeid utgjer kostnad 4,5 mill.kr. netto, og vert innarbeidd i 2012 budsjettet med 2,5 mill.kr. i tilskot og 2 mill.kr. eigenkapital/fond.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|-------------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 031/12 | Gerd Allis Håheim |

| | |
|-----------|---------------------|
| Arkiv: N- | Arkivsaknr.: 12/184 |
|-----------|---------------------|

SAK 031/12 - SKRIV OG MELDINGAR

| Nr | Dok.ID | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|--------|---|------------|---------------------------|---|
| 1 | 12/815 | I | 20.02.2012 | Skatteetaten - Skatt vest | Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Masfjorden kommune |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-031/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Møtebok frå eldrerådet 26.03.2012 vart utdelt i møtet.

Det vart delt ut hefte med tilleggskriv som inneheld desse skriva:

- Skriv 2: Sak 4/12 i Eldrerådet – høgare temperatur i Matre symjebasseng.
- Skriv 3: Helselaga i Nordbygda – oppvarming – høgare temperatur i Matre symjebasseng
- Skriv 4: Helselaga på Sørsida – Oppvarming av symjebassenget på Matre
- Skriv 5: Helselaga i Indrefjorden – Oppvarming av symjebassenget på Matre
- Skriv 6: Masfjorden Høgre v/John Torsvik Sak – sak vedr. samhandlingsreforma Felles arbeidsgruppe med Gulen
- Skriv 8: Helsekoordinator Harriet Molland – uttale til Matre symjebasseng - oppvarming

Munnlege orienteringar:

- Ordførar Karstein Totland orienterte og om svar frå Statens vegvesen i høve spørsmål i kommunestyret den 21.02.12 om djupe veggrøfter ved fylkesveg 379 mellom Krossleitet og Kringla.
Vegvesenet opplyser at antatt kostnad med dette vil liggja på 2 – 2,5 mill. kroner. Usikker kva tid dette vil bli gjort, men dei har tenkt på ein kontakt med BKK når dei startar arbeidet med ny fjellhall på Matre for å få stein/pukk til å fylla i veggrøftene.
- I same kommunestyremøte vart det og stilt spørsmål om skjeringar ved Masfjordvegen vert kontrollert med tanke på steinsprang.
Vegvesenet svarar her at alle skjeringar på vegane innanfor vårt driftsansvar i Nordhordland, vert inspisert/kontrollert ein gong for året. Dersom det blir oppedaga noko som er til akutt fare for trafikantane vert det tatt tak i så snart råd er.
- Ordførar orienterte om skriva frå alle helselaga i kommunen, eldrerådet og helsekoordinator som gjekk på å få høgare temperatur i bassenget på Matre.

Kommunestyret drøfta Matre symjebasseng og er positive til å ha ein høgare temperatur i bassenget på Matre på rundt 30 grader slik at alle grupper kan bruka bassenget.

Skriv 6) Masfjorden Høgre om sak vedr. samhandlingsreforma og få til ei felles arbeidsgruppe med Gulen kommune. Dette er då tenkt formannskapa og ev. legeleiinga.

Tove Kristin S. Tistel meinte at det og måtte vera med fagpersonell i ei slik gruppe.

Ordførar Karstein Totland orienterte om formannskapa i Gulen og Masfjorden skal ha eit felles strategimøte som skal vera 25 april i Stordalen. Blant anna vil denne saka bli drøfta då.

Spørsmål:

Willy Borge, Frp; ba administrasjonen leggja fram eit opplegg for førarkortopplæringa?

Tove Kristin S. Tistel, V,

- Oppmodar om at møta vert lagt til dagtid då dette er viktig for småbarnsforeldre.
- Venstre etterlyser den boss og skrotaksjonen som har vore tidlegare. Går på skrot, bilvrak og diverse som kjem fram no når snøen har forsvunne.
- Oppmoding til kommunestyret om Sløkk lyset dagen 31. mars.
- God struktur på møtet i dag.

Lillian Andvik, KrF, støttar Tove Kristin om møtetid på dagtid.

Andvik syner til KrF sin interpellasjon i kommunestyret den 10.11.2011 og ber administrasjonen ha utarbeidd ein eigen "velkommen til oss" faldar retta mot personar som flyttar til Masfjorden. Ho ber om at dette vert gjort til neste kommunestyremøte den 26.04.2012. Kartet må og vera med.

Vebjørn Haugsdal, H, stilte spørsmål frå den gruppa som skal bygga treningsrom på skulen. Han sa at rommet er no tømt slik at det er klart til støyping av golv.

Kor langt er dette arbeidet kome?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det ikkje er gjort vedtak om løyving av midlar til dette, så det er grunnen til at dette ikkje er kome i gang. Dette skal bli sjekka opp i.

Kjetil Fjellby sa at han hadde høyrte at skulen hadde fått noko pengar, fondsmidlar, som vart tenkt å brukast på treningsrommet.

Janne Judith K. Sandnes, spurde om det er ledige nausttomtar på Solheim?

Ordførar Karstein Totland svara at dette skal ein sjekka opp i.

Lillian Andvik, KrF, spurde om ordførar kunne orientera om status for bruprojektet.

Vigdis Søvik, Sp, stilte spørsmål om utbetaling av etableringstilskot til ungdom under 35 år då ho hadde høyrte at enkelte ventar lenge på utbetaling etter at dei har fått ferdigattest.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at i reglementet til etableringstilskot pkt 3. står det at søknadsfristen er 1. september kvart år for utbetaling i neste budsjettår. Dette fordi midlane til etableringstilskot må innarbeidast i budsjettet for året etter.

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|----------------|------------|--------|------------|
| Politisk organ | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Formannskapet | 20.03.2012 | 031/12 | Alf Strand |
| Kommunestyret | 29.03.2012 | 032/12 | Alf Strand |

| | |
|--------------|---------------------|
| Arkiv: N-211 | Arkivsaknr.: 12/134 |
|--------------|---------------------|

SAK 032/12 - NORDBYGDA BARNEHAGE - ORGANISERING BARNEHAGEÅRET 2012-13

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det blir oppretta ei avdeling for førskuleborn i Nordbygda barnehage for barnehageåret 2012-13. Avdelinga får plass i noverande SFO-lokale på skulen.

Finansiering

Det må finnast dekning innan vedteke budsjett og/eller i kombinasjon med bruk av bundne barnehagefond. Endeleg justering vert gjort i budsjettrevisjon hausten 2012.

FS-031/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det blir oppretta ei avdeling for førskuleborn i Nordbygda barnehage for barnehageåret 2012-13. Avdelinga får plass i noverande SFO-lokale på skulen.

Det skjedde i Formannskapet den 20.03.2012:

Rådgevar Alf Strand orienterte.

Det er stor søknad til Nordbygda barnehage for komande barnehageår.

Fire av dei som har søkt er fødd etter 01. sept. og har dermed ikkje rett på barnehageplass etter lova. Masfjorden kommune har tradisjon for å prøva å gje alle som søker barnehageplass.

Ein har då kome fram til at ein vil oppretta ei avdeling for heile førskulegruppa i SFO lokale på skulen.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om finansieringa i barnehagen. Tidlegare var tilskotet frå staten øymerka, men no går det inn i rammetilskotet. Dersom barn får plass i barnehage i ein annan kommune må Masfjorden betala for plassen med 110.000 pr barn sjølv om det skulle vera ledig plass i heimkommunen.

Saka vart drøfta og formannskapet var positive til framlegget frå rådmannen.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS-032/12 VEDTAK:

Det blir oppretta ei avdeling for førskuleborn i Nordbygda barnehage for barnehageåret 2012-13. Avdelinga får plass i noverande SFO-lokale på skulen.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.03.2012:

Saka vart grundig drøfta.

Marit Steinestø, KrF, har endringsframlegg i denne saka.

Kommunestyret viser til vårt hovudmål folketalsauke og seier at ein skal ha full barnehagedekning i Masfjorden, det vil seia at alle born det blir søkt om plass til skal få det uavhengig av når ein er fødd på året.

Difor blir det oppretta ei avdeling for førskuleborn i Nordbygda barnehage for barnehageåret 2012 -13. Avdelinga får plass i noverande SFO-lokale på skulen.

Tove Kristin S. Tistel spurde om dette ville gå på bekostning av SFO tilbodet? Det er og viktig med trafikksikring av området.

Alf Strand sa at SFO lokala kan brukast til barnehage utan å gjera noko med lokala. SFO kan og bruka andre lokale i skulen dersom det blir aktuelt.

Bemanninga i Sandnes barnehage må aukast dersom det kjem eit barn til i den minste aldersgruppa.

Willy Borge, Frp, spurde om kostnad/finansiering og om det var sjekka ut om ein får kostnader i høve betaling til andre kommunar. Han spurde og om barnehageborna skulle vera i lag med skuleborna på uteområdet?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarta sa at dersom nokon vel å ta borna sine til ein barnehage i ein annan kommune må Masfjorden betala for det.

Vigdis Søvik, Sp, har oppfatta at Masfjorden har som mål full barnehagedekning og støttar framlegget frå KrF.

Ho sa at ho saknar ein uttale frå foreldra i barnehagen om korleis dei stiller seg til dette.

Egil Kvingedal, V, sa at forslaget frå KrF bør handsamast i ein overordna plan.

Rådgjevar Alf Strand sa at denne situasjonen vil vare ved i ca 2 år. Rådmannen har ikkje funne noko anna løysing no som er tilgjengelege. Kan heller ikkje sjå at det er problem med uteområdet. Dei er ganske nær barnehagen sitt område og kan vera der om det er aktuelt. Dette er barn som skal begynna i skulen året etter så ein kan ikkje sjå noko problem med felles uteområde.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over 1. avsnitt i endringsframlegget frå KrF.
Framlegget frå KrF fekk 4 røyster og fall. (KrF og Sp)

**Det vart så røysta over tilrådinga frå formannskapet.
Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.**

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Nordbygda barnehage er godkjend for 54 plassar fordelt på 3 avdelingar. Det vil i praksis seia 1 småbarnsavdeling med 9 born (18 plassar) og to avdelingar for større born med 18 born i kvar. I barnehagen er det på den måten plass til 45 born. Frå 15. august 2012 vil det etter at søknadene om plass er komne inn vera behov for 61 plassar i Nordbygda barnehage. Det er søkt plass for 16 born under 3 år og 29 born over 3 år, i alt 45 born. Barnetalet er ikkje høgare enn at det er plass i barnehagen, men sidan så mange er under 3 år og dermed tel for 2 plassar kvar, er kapasiteten for liten. Dersom me ikkje gjer noko med det, vil 4 søkjarar ikkje få plass frå 15. august i år. Dette er søkjarar som eigentleg ikkje har rett på plass, dvs. dei er fødde etter 1. september 2011. Men Masfjorden kommune har satsa på å tilby plass til alle som søker.

Etter lov om barnehagar skal søkjarar fødde før 1. sept. få tilbod om barnehageplass i kommunen. Du har i utgangspunktet ingen rett til å få plass i ein bestemt barnehage. "Barnet har rett til barnehageplass i den kommunen der det er bosatt." (Lov om barnehager § 12 a)

VURDERING

Dersom me vil at alle som har søkt plass i Nordbygda barnehage skal få plass der, er det beste alternativet at førskulegruppa på 12 born blir ei eiga avdeling og får sitt barnehagetilbod i SFO-lokala på Nordbygda skule. Med ei slik løysing vil det vera plass til alle som har søkt innan fristen og også rom for å ta opp born som søker plass i løpet av året. Men dette er ei dyr løysing.

Det vil føra til følgjande auka utgifter i 2012:

| | |
|--|-------------|
| Lønsutgifter (1,4 stilling i 5 mnd.) | = kr 207000 |
| Vikarutgifter: | = kr 15000 |
| Overtid m.m | = kr 5000 |
| Pensjon, forsikring, arbeidsgjevaravg. | = kr 25000 |

Totale lønskonstnader = kr 282000

| | |
|-----------------------|--------------------|
| Driftsutgifter | = kr 25000 |
| Inventar og utstyr | = kr 25000 |
| Utgifter i alt | = kr 332000 |
| Inntekter: | |
| Auka foreldrebetaling | = kr 22500 |
| Auka matpengar | = kr 2500 |
| Inntekt i alt | =kr 25000,- |
| Netto utgift | = kr 307000 |

Ser me barnehageåret 2012-13 under eitt, vil denne løysinga kosta om lag kr 750000. Med det barnetalet me vil få i barnehagen framover, ser det ut til å verta behov for denne ekstra avdelinga i to år.

I utgangspunktet var alternativet å tilby søkjarane plass i Sandnes barnehage. Men etter at opptaket er gjort, viser det seg at det ikkje er plass til dei fire søkjarane frå Nordbygda der heller utan å auka bemanninga. Og dersom ein fyller dei to avdelingane der no ved hovudinntaket, vil me ikkje ha plassar å tilby gjennom året. Dersom me ikkje kan gje dei siste fire søkjarane plass i Nordbygda barnehage, kan me risikera at ein eller fleire av dei søker og får plass i barnehagar i Gulen. Då må me betala for dei der etter statleg fastsette satsar. Me betalte i 2011 kr 450000 for 4 born som hadde barnehageplass i andre kommunar.

KONKLUSJON

Det blir oppretta ei avdeling for førskuleborn i Nordbygda barnehage for barnehageåret 2012-13. Avdelinga får plass i noverande SFO-lokale på skulen.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 29.03.2012 vert vitna:

Karstein Totland
Ordfører

Lillian Andvik
kommunestyremedlem

John Torsvik
kommunestyremedlem